



# **EØX-Files**

## **Norsk lokaldemokrati i møte med den europæiske marknadsliberalismen**

**RV-rapport om verknaden av EØS på  
kommunesektoren og norske lokalsamfunn**

**Av Terje Kollbotn og Bjarke Friborg, august 1995**

*1. utgave*

*Pris: 20,- kr*

## Føreord

Sjølv om det vart fleirtal mot norsk EU-medlemskap ved folkerøystinga 28.11.94, vart det ikkje endra på dei grunnleggjande makttilhøva i Noreg. Dei viktigaste pådrivarane for medlemskap - NHO og Arbeiderparti-leiinga - er framleis ved makta og gjer sitt beste for å knyte Noreg so nær EU som råd. Med norsk deltaking i det Europeiske Økonomiske Samarbeidet (EØS) har dei sikra seg eit svært viktig verkty for å halda fram med ein marknadsliberal politikk her til lands. Rett etter folkerøystinga vedtok Stortinget mot stemmene til RV og to SV-utbrytarar dessutan å godta resultatet av GATT-tingingane og melde Noreg inn i den nyoppretta Verdas Handelsorganisasjon (WTO). Dette vedtaket vil føre til ytterlegare integrering i det globale frihandelsregimet på storkapitalen sine premisser.

Meir enn nokon gong trengst det kamp og opprør for å stogge høgrekreftene sin offensiv, både i Noreg og internasjonalt. Kommune- og fylkestingsvala vert ein viktig prøve før stortingsvalet i 1997. Det er viktig med eit konstant press mot makta gjennom folkeleg mobilisering og motekspertise. For dei borgarlege og sosialdemokratiske partia er EU ei sak mellom mange andre, som det går an å tinge om. RV er som eit konsekvent sosialistisk parti grunnleggjande motstandar av slike avtalar som EØS, GATT og WTO. RV vil halda fram kampen mot marknadstilpassninga og stø opp om Nei til EU, Ungdom mot EU og Studentar mot EU som ein ubunden og brei folkerørslé.

Føremålet med dette heftet er å få fram meir konkret kva norsk medlemskap i EØS vil tyde, særleg for kommunar og fylkeskommunar. Ikkje minst i lokalsamfunna vil verknadene vere store i den komande fireårsperioden. Me høyrer ofte om fylgjene i «drypp», rivne laus frå ein større samanheng. Likevel merkar me tilpassinga anten snikande eller raskt og brutalt.

Denne RV-rapporten freistar å få fram ein EØS-kritikk som er retta mot heile den kapitalistiske utviklinga og kva for motkrefter som finst for ei alternativ utvikling.

RV ynskjer å vidareutvikle denne rapporten og byggja opp ein eigen informasjonssentral om EØS og verknadene i Noreg («EØS-banken»). Me oppmodar alle som har innspel og opplysningar til å ta kontakt med RV lokalt eller sentralt. Denne RV-rapporten du no held i handa, er og lagt opp på RV sine EØS-sider på Internett. Internet-adressa til RV er: <http://www.oslonett.no/home/rv/index.html>.

Hovudansvarlege for denne RV-rapporten er Terje Kollbotn og Bjarke Friborg.

Terje Kollbotn er fagleg leiar i Raud Valallianse og kommunestyrerepresentant for RV i Odda. Han er dessuten leiar for Odda og Omland faglige Samorganisasjon og har vore leiar for Hardangeraksjonen mot EU. Han er medlem av Rådet i Nei til EU.

Bjarke Friborg er nestleiar og EU-ansvarleg i Hordaland Raud Valallianse. Han var leiar av Studentar mot EU i Bergen frå 1993 til 1995 og AU-medlem i Ungdom mot EU i Hordaland.

*1. utgåve, 21. august 1995*

Raud Valallianse i Hordaland  
Postboks 992  
5001 Bergen  
tlf.: 55 31 64 21  
faks: 55 31 99 70

Raud Valallianse i Noreg  
Osterhausgate 27  
0183 Oslo  
tlf.: 22 98 90 50  
faks: 22 98 90 55

|  |           |
|--|-----------|
| <b>FØREORD</b>   | <b>2</b>  |
| <hr/>  |           |
| <b>1. INNLÉIING</b>  | <b>4</b>  |
| <hr/>  |           |
| VEGEN TIL EØS  | 4         |
| KAPITALISMEN I DAG   | 4         |
| EØS-AVTALA ORDRETT FRÅ ROMA-TRAKTATEN  | 5         |
| EØS-AVTALEN BYGGJER PÅ TO SØYLER   | 6         |
| <br>   |           |
| <b>2. UNDERGRAVING AV LOKALDEMOKRATI</b>   | <b>7</b>  |
| <hr/>  |           |
| EØS - STØRST VERKNAD FOR OFFENTLEGE ANBOD  | 7         |
| EØS TRUGAR FAGLEGE RETTAR - EIT DØME FRÅ ODDA  | 8         |
| KOMMUNANE TAPER EIT VIKTIG STYRINGSINSTRUMENT  | 10        |
| LOKAL NÆRINGSPOLITIKK  | 10        |
| TINN KOMMUNE DØMT AV ESA   | 12        |
| EØS GJEV MYKJE MEIRARBEID  | 12        |
| INNKJØPSREGLANE AUKAR BYRÅKRATIET  | 13        |
| EØS-AVTALA FORSTERKAR SENTRALISERING I NÆRINGSLIVET  | 14        |
| AUKA UTGIFTER TIL ANNONSERING  | 15        |
| ANBOD I KOLLEKTIVTRANSPORTEN   | 15        |
| EØS-ANBOD I HELSE- OG SJUKEHUSSEKTOREN   | 16        |
| FLEIRE SAKER UNNTATT OFFENTLEG INNSIKT   | 16        |
| HEMMELEG TOLKING AV EU-DIREKTIV  | 17        |
| HARMONISERING AV SKATTER OG AVGIFTER GJEV ØKONOMISKE VANSKAR                                   | 17        |
| <br>   |           |
| <b>3. STRUKTURRASJONALISERING AV NÆRINGSLIVET - NASJONAL KONTROLL MOT UTANLANDSK EIGARSKAP</b> | <b>18</b> |
| <hr/>  |           |
| EU KREVER KONSESJONSLOVANE ENDRA   | 18        |
| SVEKKA KONTROLL OVER NATURRESSURSANE   | 19        |
| VASSKRAFTA HAR VORE ØYREMERKA LOKAL INDUSTRIPRODUKSJON   | 19        |
| EØS = SVEKKING AV PETROLEUMSPOLITIKKEN   | 20        |
| EIN BÆREKRAFTIG FISKERIPOLITIKK  | 21        |
| TENESTENÆRINGAR - FRÅ SKJÆRMA NÆRING TIL FRI KONKURRANSE                                       | 22        |
| OFFENTLEGE MONOPOL   | 22        |
| TELENOR - KORTSIKTIGE KRAV VINN OVER SAMFUNNSINTERESSENE                                       | 23        |
| POSTEN - MARKNADSTILPASNING GJEV DÅRLEGARE DISTRIKTSTILBOD                                     | 23        |
| NASJONAL DEREGULERING - REGIONAL POLARISERING. DISTRIKTA VERT AVFOLKA.                         | 24        |
| AVVIKLING AV DISTRIKTPOLITISKE VERKEMEDEL  | 25        |
| BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN MISTER INNTEKTER   | 26        |
| <br>   |           |
| <b>4. EØS-AVTALA GRIP DJUPT INN I LOKALDEMOKRATIET</b>   | <b>26</b> |
| <hr/>  |           |
| <b>LITTERATUR</b>  | <b>28</b> |

## 1. Innleiing

Dei tre bokstavane EØS står for det Europeiske Økonomiske Samarbeidsområde. Det er ei svært omfattande avtale som vart tinga fram frå rundt 1989 og vart vedteke av eit fleirtal på Stortinget 16. oktober 1992. Ho, vart sett i kraft 1. januar 1994, eitt år etter den indre marknaden i EU. Ut over Noreg, Island og Liechtenstein er óg alle EU-land medlem, i alt 18 land. Med 380 millionar innbyggjarar er EØS ein større heimemarknad og handelsblokk enn USA og Japan.

### *Vegen til EØS*

I 1985 vedtok ministerrådet i EF å endeleg tidfeste gjennomføringa av «den indre marknaden» med fri flyt av varer, personar, kapital og tenester over dei vesteuropeiske landegrensene innan utgangen av 1992. Dette skulle verkeleggjere det gamle EF sine mål slik som dei vart nedfelte i Romatraktaten i 1957, ein prosess som lenge hadde stått i stampe. Avviklinga av handelshinder var gått tregt. Den vesteuropeiske storindustrien frykta å misse andelar på verdsmarknaden. Siktemålet var no å ta eit krafttak i gjennomføringa av vidfemnande liberaliseringar og bane vegen for auka frihandel. Dette sette ein større prosess i gang, nærast som ein rullande snøball som dreg meir og meir med seg.

EF vart «ein økonomisk kjempe», men var framleis «ein politisk dverg». For å sikre at dette prosjektet verkeleg vart gjennomført, vart det óg trong for ein langt sterkare politisk overbygning. Maastricht-traktaten stadfesta at dei Europeiske Felleskapene (EF) vart til den Europeiske Unionen. I tid fell desse endringane saman med kollapsen i Aust-blokker, noko som gjorde det mogleg med utanrikspolitiske nyorienteringer i såvel Austerrike, Finland og Sverige. Dessa landa var ikkje lenger nøydde til å ta omsyn til Sovjetunionen. Alle har no gått inn i den Europeiske Unionen som med dette nådde opp på 15 medlemsland. Den indre marknaden vart utstrekt til Noreg, Island og Liechtenstein, medan Sveits vart ståande utanfor både EU og EØS.

Japan, USA og EU/EØS står no fram som dei framste handelspolitiske blokker i verdsøkonomien, med Noreg som ei randzone i den vesteuropeiske marknaden. Etter den andre verdskrigen har det vore ein overordna tendens i retning meir frihandel både globalt og regionalt. EØS/EU er eitt av desse store, regionale frihandelsområdar. I Nordamerika er det NAFTA (North American Free Trade Area), som er knytta til USA. ASEAN (Association of South East Asian Nations) har Japan som sitt sentrum. På verdsplan er det GATT-avtaler om nedbygging av tollmurer (General Agreement on Tariffs and Trade) som har vore drivkrafta. Med opprettinga av Verdas Handelsorganisasjon/WTO (World Trade Organization) står frihandelskreftene sterkare enn nokon gong etter 1945. Vinnarane er dei multinasjonale selskapa - taparane er arbeidsfolk, fattige land og miljøet. Diverre var RV det einaste stortingspartiet som stemte i mot norsk støtte til WTO og den siste GATT-runden i Stortinget før jul 1994.

### *Kapitalismen i dag*

Den økonomiske situasjonen på verdsplan i dag kan best samanliknast med 1930-åra. Arbeidsløyse, innteningsproblem for den tradisjonelle industrien og turbulens i finanssektoren er tydelege teikn på ei klassisk økonomisk krise. Samstundes heng fleire av desse kjenneteikna saman med ei ny og pågåande omstrukturering i organiseringen av teknologi og produksjon. Det som før var utviklingsråme for produktivkreftene, er no meir ei lenke og eit hinder for ytterlegare profitt for kapitaleigarane. Vest-Europa merkar dette for fullt.

Industrialiseringa og rasjonaliseringa av primærnæringane held fram med full kraft. Resultatet av den siste GATT-runden er eit regelrett åtak på småbønder i både dei rike og fattige landa. Store deler av den tradisjonelle, vestlege industrien held no på å verta lagt ned eller flytta til andre land med langt lågare lønskostnader og store, uutnytta naturressursar, t.d i Sørøst-Asia. Innføring av ny teknologi og ei eksplosiv utvikling innan tenesteyringane stiller høgare krav til mobil og fleksibel arbeidskraft med høgt utdanningsnivå. Utvikling av informasjonsnettverk gjer det mogleg med nye organisasjons- og bedriftstrukturar.

Drivkrafta i dette systemet er den same som ho har vore dei siste to hundre åra med kapitalisme, nemleg jakta etter profitt. Eit lite mindretal av eigarar og administratorar fattar dei avgjerande vedtaka i lukka rom ut frå sine klasseinteresser. Dei har personlege band til politisk- og byråkratelite, driv lobbyorganisasjonar som ERT (European Round Table of Industrialists) og har avgjerande økonomisk makt. EU og statsmakta i kvart land legg tilhøva til rette for dei. Saman tek dei seg av store og meir langsiktige investeringar i infrastruktur o.l. På deira vegne tingar dei fram internasjonale frihandelsavtalar og militæralliansar som skal tryggje deira inntening i framtida. Mest mogleg fri flyt skal sikre at investeringane kan flyte dit lønskostnadene er minst, miljøvernet dårlegast og dei sosiale pliktene jamt over er færrest. Det er denne logikken som ligg bak heile det moderne frihandelsregimet og det herskande globale kapitalistiske systemet. Slik har det blitt forma dei siste to hundreåra. Imperialismen er på offensiven no ved utgangen av det 20. århundret.

### **EØS-avtala ordrett frå Roma-traktaten**

EØS er ei tosidig avtale mellom EU og EFTA-landa Noreg, Island og Liechtenstein. EFTA står for «European Free Trade Area». Sveits er det einaste EFTA-landet som har gjennomført ein folkerøysting om EØS-medlemskap, noko som resulterte i eit nei-fleirtal. I Noreg var det óg fleirtal mot avtala i folket før EØS-handsaminga i 1992. Trass dette, vedtok Stortinget å gå inn for avtala, til og med på eit tidspunkt der ingen andre land hadde ratifisert ho. EØS var ikkje tema før stortingsvalet 1989. Stortingsfleirtalet avviste både krava om folkerøysting og å utsette handsaminga til etter stortingsvalet i 1993.

Hovudmålsettjinga med avtala er tatt nærast ordrett frå Roma-traktaten:

#### *Artikkel 1*

*1. Formålet med denne assosieringsavtale er å fremme en vedvarende og balansert styrking av handel og økonomiske forbindelser mellom avtalepartene, med like konkurransevilkår og overholdelse av de samme regler, med sikte på å opprette et ensartet Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde, heretter kalt EØS.*

*2. For å nå de mål som er satt i nr. 1. skal samarbeidet i samsvar med bestemmelsene i avtalen omfatte:*

*a) fritt varebytte,*

*b) fri bevegelse for personer,*

*c) fri bevegelse for tjenester,*

*d) fri bevegelse for kapital,*

*e) opprettelse av et system som sikrer at konkurransen ikke vris, og at reglene overholdes på samme måte, og*

*f) nærmere samarbeid på andre områder, slik som forskning og utvikling, miljø, utdanning og sosialpolitikk.*

EØS gjer at EFTA-statane no er ein del av EU sin indre marknad. For at denne marknaden skal virke etter formålet, er det forbode å gjere skilnader ut frå nasjonalitet. Dette er henta frå artikkel 7 i Roma-traktaten:

*«Enhver forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet skal være forbudt innenfor denne avtalens virkeområde, med forbehold for de særbestemmelser den selv gir»*

Med andre ord tyder EØS at EFTA-landet Noreg pliktar seg til å underkaste seg dei «fire fridomar» (fri flyt av varer, kapital, tenester og arbeidskraft) og ei rekkje andre prinsipp i Romatraktaten. Noreg må no innføre alt som EF/EU hittil har vedteke («*acquis communautaire*») av direktiv og forordningar om iverksettinga av desse prinsippa. Då EØS vart vedteke gjaldt dette omlag 1300 direktiv og forordningar. Desse har no vorte norsk lov og har ført med seg små eller store endringar, alt frå sukkerinnhald i syltety til petroleumslovgeving. I tillegg er Noreg bunde til å gjennomføre alle komande EU-direktiv om den indre marknaden, slik at talet no er over 1500 nye regelsett. EU-retten skal ha forrang ved kollisjon med nasjonale rettsreglar og dermed óg kommunal- eller fylkeslov og -vedtak.

I motsetning til EU er det formelt mogleg å melda seg ut av EØS med eitt års varsel. EØS omfattar ikkje sams utanrikspolitikk, justisområdet og den økonomiske og monetære union (ØMU). Sams jordbruks- og fiskeripolitikk samt handelspolitikk/toll overfor tredjeland fell óg uta for avtala. EFTA-landa har ikkje plikta seg til å harmonisera skatte- og avgiftspolitikken. Sjølv om EØS-avtala etterkvart og grip inn i desse områda, er ho mindre vidfemnande enn fullt EU-medlemskap. Likevel går avtala mykje lenger enn det EF-medlemskapet som vart avvist av folkefleirtalet i Noreg 1972.

I tillegg til den «reine» marknadssdelen femnar EØS-avtala óg ulike samarbeidsprosjekt om arbeidsmiljø, statistikk, katastrofehandtering m.m. (punkt f) i artikkel 1). Gjennom deltakinga i EU sine forskings-, utdannings- og utvekslingsprogram frå grunnskule til universitetsnivå er me dessutan integrert i EU sin kommersielle næringspolitiske strategi på dette området. EFTA-statane finansierer sjølve deltakinga og betalar EU for å administrera dei.

### ***EØS-avtalen byggjer på to søyler***

EFTA-landa tek ikkje del i det overnasjonale vedtakssystemet i EU. Men EFTA skal høyrast i samband med vedtak av nye rettsreglar på dei områda som avtala regulerar. Kommisjonen sine framlegg til lov skal handsamast parallelt i EU og EFTA sine organ. I siste runde er det EU som avgjer rettsregelen. EFTA kan berre si ja eller nei samrøystes. Om EFTA-landa avviser eit lovvedtak og det er til fordel for EFTA-landa, vil eksisterande reglar på dette området verta suspendert av EU. Det oppstår då eit hol i EØS-avtala på dette punktet. Handhevinga av EØS-avtala byggjer på eit system med to søyler med organ som til ein viss grad er parallelle. Alle organ er plassert i Brussel og underlagt EU-organa. Kommisjonen skal overvaka EU-landa. På EFTA-sida er det oppretta eit eige Overvakingsorgan - ESA (EFTA Surveillance Authority). Slik sett overvakar dei to sidene seg sjølve, sjølv om dei går ut frå det same regelverket i EU.

Samstundes er det óg oppretta fellesorgan: Det viktigaste er EØS-komiteen med representanter frå alle 18 EØS-land (både EU og EFTA) og ein representant for EU-Kommisjonen. Det er denne embedsmannskomiteen som skal løyse tvister og liknande. Det øverste fellesorganet er EØS-rådet med ein statsråd frå kvart EFTA- og EU-land og ein representant frå Kommisjonen. Dei møtar kvarandre to gonger i året for å drøfte overordna endringar og framdrift i avtala og stakar ut kursen. Vedtak må vere samrøystes.

Heile dette komplekset har ein eigen indre dynamikk, tufta på eit aktivt embedsverk som systematisk skal leggje tilhøva til rette for næringslivet ut frå dei marknadsliberale prinsippa som er stadfesta i Roma-traktaten. Innføring av reinspikka forretningstankegang og idealar frå det private næringslivet om konsernorganisering og «virksomhetsplanlegging» er

symptom på denne utviklinga. Slik skjer det ei systematisk tapping av makt frå folkevalde organ til fordel for eit veksande og stadig meir marknadsorientert embedsverk som har som fremste oppgåve å tene kapitaleigarane og ikkje dei folkevalde og innbyggjarane i medlemslanda.

Dei landa som bryt reglane om fri flyt, like konkurransevilkår og ikkje-diskriminering kan klagast inn for EFTA-domstolen av Overvakingsorganet/ESA. I lova for opprettinga av EFTA-domstolen og Overvakingsorganet står det klårt at det skal «*tas tilbørlig hensyn til tolkings- og forvaltningspraksis i Europakommisjonen for De europeiske fellesskap før denne avtale trer i kraft*». Med andre ord er det EU-domstolens praksis som er mal for rettshandhevinga. EU-domstolen er traktatplikta til å vere ein aktiv pådrivar i gjennomføringa av den indre marknad og som er kjend for sine marknadsliberale dommar.

## 2. Undergraving av lokaldemokrati

Det norske lokaldemokratiet byggjer m.a. på val kvart fjerde år til kommunestyre og fylkesting. Samanlikna med EU har det offentlege ansvaret tradisjonelt vore større i Noreg og dei andre nordiske landa og ein større del av midlane vert handsama av slike lokale og regionale organ. Samstundes er Noreg eit kapitalistisk land der dei avgjerande spørsmåla vert vedtekne i lukka rom. Det finst ikkje direkte folkevald kontroll over økonomien. Demokratiet er avgrensa til reint politiske spørsmål og ein viss grad av regulering av marknaden. Med EØS vert til og med denne formen for lokaldemokrati sett i ei klemme. Makta vil på den eine sida verte overført til byråkratiske organ i inn- og utland og på den andre sida overlatast til marknadskreftene utan folkevald kontroll.

Dei ulike kommunar og fylkeskommunar opplever no ein jamn straum av nye retningslinjer frå departementa og rundskriv frå Kommunenes Sentralforbund (KS). Det er mange reglar som må endrast som følgje av EØS-avtala. Av EØS-motstandarpartia er det på landsplan berre RV som konsekvent røyster mot gjennomføringa. SV og Senterpartiet vinglar og har ein ulik praksis i ulike deler av landet. For RV er det ikkje noko argument at EØS er vedteke på Stortinget. Vår lojalitet er hjå folk, mot makta. Difor vil gå innfor «politisk ulydnad», dvs. eit opprør der dei einskilte kommunestyra og fylkestinga må føre politikk på tvers av dei gjeldande reglar og trasse EØS-avtalen. Lojaliteten til innbyggjarane og lokalsamfunna må vere det overordna.

### **EØS - størst verknad for offentlege anbod**

Dei EØS-reglane som kanskje får størst direkte verknad er direktiva om offentlege innkjøp og offentlege bygg- og anleggskontraktar. Dei instansar som er omfatta er både stat, kommunar og fylke samt private institusjonar som er finansiert meir enn 50% av det offentlege. Innkjøp til større verdi enn 200.000 ECU (nkr. 1,6 millionar) og bygg- og anleggskontraktar meir verdt enn 5 millionar ECU (nkr. 40 millionar) skal ut på anbod i heile EØS-området. For telesektoren er grensa 4,8 millionar nkr. og for tenester innan transport og vass- og energileveranser er den på 3,2 millionar nkr. Tala er utan moms. Kunngjeringa skal skje gjennom EU sitt sentrale organ TED (Tenders Electronic Daily). Tekniske spesifikasjonar skal nytte eurostandardar.

Dette opnar ein marknad av enorme dimensjonar for konkurranse og private investeringar. Berre i EU-landa er den offentlege innkjøpsmarknaden på omlag 2.500 milliardar norske kroner over terskelverdien. Tala for Noreg medrekna offshoresektoren er på omlag 65 milliarder norske kroner over terskelverdien.

Innkjøpskostnadane i offentlig sektor er ein stor utgiftspost på omlag 20-25% av driftsbudsjettet. Medrekna administrative kostnader er summen vel på omlag 35-40%. I ein stor kommune utgjer kjøp av varer, tenester og kontrahering av bygg- og anlegg ein relativt stor del av drifts- og investeringsbudsjettet (ofte opptil 30%). Dette er noko som mange politikarar gjerne vil spare på gjennom skjerpa konkurranse. I Finnmark fylke er innkjøpskostnadene redusert med opp til 5% (ml. 5,5 og 6 millionar) og innkjøpssjefen i Vestfold fylke reknar med mellom 5 og 10% innsparing årleg (Bergens Tidende 11.oktober 1994). Poenget er at desse innsparingane på kort sikt ofte syner seg å verta utgifter på lengre sikt, særleg om ein reknar med tapet av politisk handlefridom og samfunnsøkonomiske verknader. Det er dessutan eit poeng at EØS-reglane krevjer mykje byråkrati. «Vinninga går opp i spinninga». Tapt skatteinngang lokalt vert og ein typisk konsekvens.

### ***EØS trugar faglege rettar - eit døme frå Odda***

Ved kommunevalet i 1991 programfesta Odda RV - som det einaste partiet - fylgjande: «Nei til kontraktørarbeid i kommunen - ja til bygg- og anleggsfirma med tariffavtale». Denne programposten tok utgangspunkt i fleire døme på at byggje- og anleggsoppdrag i kommunal regi hadde gått til firma utan tariffavtale, sidan desse hadde lågast pris. Dette skjedde samstundes med at mange fagorganiserte bygningsarbeidarar i distriktet gjekk arbeidslause i lange periodar. Etter valet i 1991 reiste RV dette framlegget i kommunestyret ved fleire høve i 1992 (m.a. i samband med strategisk næringsplan og kommunebudsjettet for 1993), men vart nedstemt.

På årsmøtet i Odda Bygningsarbeiderforening (avd. 741 av Fellesforbundet) og seinare på årsmøtet i Odda og Omland faglige Samorganisasjon våren 1993 vart kravet om at byggje- og anleggsanbod innan kommunen berre skulle gå til firma med norsk tariffavtale, samrøystes vedtatt - og presentert med tyngde. Kravet vart og markert 1. mai, og både kommunestyret og alle dei politiske partia i Odda vart utfordra av heile den lokale fagrørsla i denne saka.

Den 16.mars 1994 vedtok endeleg kommunestyret i Odda at berre firma med tariffavtale i samsvar med dei- landsomfattande norske overeinskomstane fekk utført byggje- og anleggsanbod i kommunal regi. Dette vedtaket vart gjort med 2/3 fleirtal, og vart støtta av både DNA, SV og RV. Senterparti-gruppa stemte samrøystes mot å forsvare dei faglege rettane i Odda. Dette kommunestyrevedtaket vart gjort etter at både fagrørsla lokalt og sentralt (gjennom Fellesforbundet og LO sitt juridiske kontor) hadde gått inn for eit slikt vedtak. Dette sokalla «Odda-vedtaket» var eit viktig forsvar for dei norske tariffavtalane i ei tid der dei faglege rettane vart undergravd frå mange hald, og eit ledd i å hindre sosial dumping lokalt. Dette historiske kommunestyrevedtaket i Odda fekk brei fagleg støtte. På årsmøtet i Fellesforbundet - region Hordaland - i april ifjor vart det samrøystes vedtatt at regionen skulle arbeide for at dette prinsippet vart innført i kommunane og i fylkeskommunen i Hordaland. Dei fem største samorganisasjonane i Norge (i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Tromsø) støtta vedtaket og ville fylgje det opp i storbyane. Ei rekkje fagforeingar både innan Fellesforbundet og andre forbund utover landet tok initiativet til å få til tilsvarande vedtak som i Odda ved offentlege oppdrag i andre kommunar, fylkeskommunar og i staten. Mange RV-representantar rundt om i landet reiste konkrete framlegg om dette i kommunestyre og fylkesting. Dette var i ferd med å bli ei fagleg og politisk masserørsle i Norge.

Dette skjønna makthavarane. I slutten av april 1994 sendte Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) ved viseadministrerande direktør Lars Chr. Berge brev til statsråd Gunnar Berge

med krav om at Kommunal- og Arbeidsdepartementet «satte i verk snarlige tiltak for å få satt Odda-vedtaket ut av kraft». Grunngevinga frå NHO var at dette vedtaket var «et brudd på de forpliktelsene offentlige oppdragsgivere (her:kommunen) har etter EØS-avtalen». NHO stilte seg i dette brevet til statsråd Gunnar Berge «til disposisjon for eventuelt nærmeré avklaringer og diskusjoner».

Etter få dagar satte statsråd Gunnar Berge Odda vedtaket mellombels ut av kraft, og lova ei nærare utgreiing og endeleg konklusjon so snart som råd. Både statsråden og NHO var redd for smitteeffekten. Alt i mai 1994 tok stortingsrepresentant Erling Folkvord frå RV opp denne saka i spørjetimen i Stortinget, men fekk inga avklaring. Regjeringa og departementet valde å utsetje den endelege konklusjonen til etter EU-valet den 28.november 1994. Alt tyda på at dei var redde for at konklusjonen ville svekkje ja-sida i EU-kampen.

Den endelege konklusjonen frå Kommunal- og Arbeidsdepartementet den 6.desember ifjor var at kommunestyrevedtaket i Odda var «ugyldig, da det var istrid med artikkel 4, artikkel 28 og artikkel 36 i EØS-loven». Desse tre generelle artiklane i EØS-avtalen gjeld forbod mot einkvar diskriminering på grunnlag av nasjonalitet (artikkel 4), fri flyt av arbeidskraft (artikkel 28) og fri flyt av tenester (artikkel 36) i den indre marknaden i EU/EØS-området. Desse tre artiklane i EØS-avtalen byggjer direkte på dei generelle konkurransereglane i EU, i samsvar med Romatraktaten. Soleis vart vedtaket i Odda kommunestyre endeleg oppheva, velsigna av statsråd Gunnar Berge og Arbeiderparti-regjeringa.

Dette er eit konkret døme på at EU sitt regelverk, nedfelt i EØS-avtalen, undergrev lokaldemokratiet og svekkjer arbeidet for å styrke og håndheve dei faglege rettane i dei norske tariffavtalane ved offentlege oppdrag her til lands. Dette er og eit døme på at statsminister Gro Harlem Brundtland snakka mot betre vitande, då ho kalla det løgn å hevda at dei faglege rettane vart svekka av EU sitt regelverk, i den avsluttande TV-debatten før EU-røystinga den 28. november ifjor.

Men siste ordet er ikkje sagt i denne saka. Ordføraren i Odda kommune, Knut Erdal (DNA), kalla departementet si avgjerd «eit slag mot lokaldemokratiet» i Hardanger Folkeblad den 7. desember 1994, sjølv om han gjekk inn for å ta avgjerda i departementet «til etterretning». Odda og Omland faglige Samorganisasjon oppfatta vedtaket i departementet «som en provokasjon mot fagbevegelsen og en undergraving av lokaldemokratiet». I ei fråsegn frå Odda og Omland faglige Samorganisasjon i januar 1995 vart det slått fast:

*«Vi vil arbeide videre for å få endret denne konklusjonen, slik at krav om at tariffavtale på vilkår som de landsomfattende norske overenskomster skal ligge til grunn for anbudspolitikken. På denne bakgrunn har vi bedt LO vurdere departementets konklusjon og følge opp saken på ulike plan. Dersom departementets konklusjon blir stående, vil det være et eksempel på at arbeidet for faglige rettigheter blir svekket ved EØS-avtalen».*

På landsmøtet i Raud Valallianse i februar 1995 vart fylgjande programpost vedtatt i kapittel 5 - auka rettar for arbeidsfolk - i det nye arbeidsprogrammet:

*«RV arbeider for at krav om tariffavtale i samsvar med norske overenskomstar skal liggje til grunn for offentlege fastpristilbod og oppdrag».*

1. mai 1995 var ei av hovudparolane i Odda og Omland faglige Samorganisasjon sitt arrangement «Norske tariffavtalar ved oppdrag i Norge». Ei anna hovudparole i Odda 1.mai i år var «La distriktene leve - ut av EØS».

På landsmøtet i Fellesforbundet 10.-16. juni 1995 i Folkets Hus i Oslo vart fylgjande programformulering vedtatt i forbundet sitt nye handlingsprogram:

*«Fellesforbundet vil arbeide for at man ved offentlige innkjøp og investeringer kun skal benytte bedrifter med tariffavtaler i samsvar med landsomfattende norske overenskomster».*

Dette er ein viktig fagleg og politisk kamp. Det som starta som ein lokal kamp for tariffavtaler ved offentlege oppdrag er no i ferd med å utvikle seg til ein kamp mot EØS sin inngripen i lokaldemokratiet og faglege rettar.

### **Kommunane taper eit viktig styringsinstrument**

Dei grunnleggjande prinsipp i dei nye EØS-reglane er kravet om fri konkurranse og at det er forbode å «diskriminere» på grunnlag av nasjonalitet. Dette gjer mellom anna at det ikkje er mogleg for offentlege instansar som regjering og storting og norske kommunar og fylkeskommunar å boikotte EØS-land, t.d. Frankrike som prøvar ut atomkraft og sprengningar i gamle koloniar i Stillehavet. Handlefridomen til å føre progressiv utanrikspolitikk vert kraftig innskrenka med EØS-avtala. Sjølv om Regjeringa har avvist ein offisiell norsk boikott av franske varer m.a. p.g.a. EØS oppmodar RV kommunestyre og fylkesting å fatte slike boikottvedtak.

Den 21. november 1994 sendte Kommunenes Sentralforbund (KS) ut eit rundskriv (67/94) til alle kommunar og fylkeskommunar i Norge. Her heiter det m.a.:

*«Det er et viktig prinsipp i regelverket at offentlige oppdragsgivere, herunder kommuner og fylkeskommuner ikke kan forskjellsbehandle anbydere/tilbydere på grunnlag av nasjonalitet. Dette forbudet er nedfelt i EØS-avtalens artikkel 4 og gjelder både over og under terskelverdiene - altså uavhengig av anskaffelsenes størrelse. Dette må kommunene ta hensyn til i sitt anskaffelsesreglement. Bestemmelser i Normalinstruksen fra 1978 om at det kunne tas lokale sysselsettingsmessige hensyn ved valg av leverandør er derfor fjernet i den reviderte utgaven som ble utgitt i mars 1994. Slike bestemmelser er neppe forenlig med EØS-avtalens art. 4. I nytt opplag av den reviderte Normalinstruksen vil § 28 i instruksen for varekjøp være endret. I den første utgaven var det desverre oversett en formulering om at det bl.a. kunne tas hensyn til «behovet for en stabil sysselsetting i distriktet»».*

*«KS vil også rette oppmerksomheten mot bruken av lærlinger. ... Formulering av lærlingklausul må ikke på noen som helst måte være diskriminerende. ... I andre opplag av Normalinstruksen vil det i tilknytning til lærlinger være inntatt følgende forklaring på side 9: «Oppdragsgivere må ikke utelukke anbydere/tilbydere fra andre EØS-land som ikke har en teoretisk og praktisk mulighet til å oppfylle vilkåret, og vilkåret kan f.eks. ikke formuleres som et krav om at lærlinger skal være tilknyttet norske lærlingeordninger». Videre heiter det: «KS er klar over at mange føler at regelverket er uoversiktlig og vanskelig. Det er likevel viktig at alle som har innkjøpsansvar setter seg inn i regelverket og følger dette. Vi vil også oppfordre de kommunene og fylkeskommunene som ikke allerede har gjort det om å ta i bruk Normalinstruksen (eller et lignende regelverk). Også under terskelverdiene er det viktig å følge regler som skaper ryddighet og forutsigbarhet både for innkjøperne og leverandørene/entreprenørene» (KS Rundskriv nr. 67/94).*

### **Lokal næringspolitikk**

Bakgrunnen for dette rundskrivet er at ei rekkje kommunar og fylkeskommunar ofte har favorisert lokale firma ved innkjøp og andre kommunale oppdrag. Dette har vore ein viktig lekk i den lokale eller regionale sysselsettingspolitikken, spesielt i tider med høg arbeidsløyse. Prisdirektoratet gjennomførte i 1993 ei gransking som synte at heile 61

kommunar ofte eller alltid ga lokale leverandørar fortrinnsrett. Det er grunn til å tru at dei reelle tala er langt høgare, sjølv om dette no er i strid med EØS-reglane. Om lokale leverandørar bukker under vil dette gje ringverknader gjennom tapte skatteinntekter og eit mindre allsidig næringsliv i lokalsamfunna. Samfunnsøkonomisk sett vil kommunane ofte tape meir enn dei tener på å utelukkande å velja det lågaste pristilbodet. Då direktiva om offentlege innkjøp og anbod trådte i kraft 1.7.94 uttala fylkesordførar i Sogn og Fjordane Sjur Hopperstad (Sp) seg slik i Dagens Næringsliv:

*«Jeg er redd vi kan komme til å tape priskforskjellen og mer til når lokale arbeidsplasser går tapt og skatteinntekten minner. Det nye regelverket gjør at fylkets forhandlingssituasjon blir blokkert. Det gir oss lite rom for å vurdere leverandører ut fra lokale interesser».*

I eit visst omfang har det med andre ord vore mogleg å fråvike krava til fri konkurranse og i staden favorisere nasjonalt eller lokalt næringsliv ut frå omsyn til «opprettholdelsen av stabil sysselsetting, distriktsutbygging eller for utviklingen av konkurransedyktig norsk industri» (Regelverk for statens anskaffelsesvirksomhet av 1978, som óg gjelder for kommunar og fylkeskommunar). Sjølv om fri konkurranse og anbudsrundar var regelen i praksis, var det mogleg å gjere unntak. Vanleg praksis har dessutan vore at ved lik pris eller nesten lik pris (opp til 10% skilnad) vert lokale verksemder prioritert. Dei nye EØS-reglane rammar no mange kommunar og fylkeskommunar over heile landet. Offentlege innkjøparar og oppdragsgjevarar må til eikvar tid stå til ansvar for Overvakingsorganet i Brussel for å føre ein marknadsliberal politikk. I tillegg vert det innført ei rekkje byråkratiske rutinar som skal leggje tilhøva til rette for næringslivet.

Mange stader vert det oppretta sentraliserte innkjøpsavdelingar som spesialiserar seg på anbod i EØS-området. Til no har det kosta svært mykje meirarbeid å få arbeid inn dei nye rutiane. Der dei er gjennomført, har det vore mogleg med større innsparinger som følge av auka konkurranse. Baksida av dette er at det gjennomgåande går ut over dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår og at særleg mindre, lokale bedrifter må vike for større entreprenørselskap som igjen må konkurrere med dei store multinasjonale selskap om dei mest innbringande oppdrag i t.d. olje-, telekommunikasjons- eller samferdselsektoren. Ved dei fleste kommunale innkjøp slår konkurransen først ut i det regionale og nasjonale næringslivet, men ved større ordrar bankar óg store utanlandske selskap på døra for å skumme fløyten.

I mange lokalsamfunn spesielt ute i distrikta har det mykje å seie for kommunane og innbyggjarane at det eksisterer lokale servicefirma. Mange av desse vil ikkje kunne overleve om dei berre skal stille opp i krisesituasjonar eller detaljomsetnad. Dei er avhengige av jamlege ordrar, mellom anna frå kommunane. Mange kommunar har t.d. hatt eit regelverk som har stilt krav om at røyrleggjarfirma som skal utføre oppdrag på det lokale røyrnett har verkstad innan kommunen eller i distriktet. Eit slikt krav (sokalla «verkstadklausul» sikrar at det er råd å få tak i lokale røyrleggjarar med lokalkjennskap til røyrnett ved krisesituasjonar, t.d. ved røyrbrot og frostskeidar. Fleire kommunar fekk i mai i år påpakning frå Nærings- og Energidepartementet for at dei ikkje hadde oppheva slike reglar. Dette gjeld mellom anna kommunane Molde, Kristiansund, Levanger og Steinkjer. I fylgje Dagens Næringsliv 6.6.95 hevda departementet at slike krav strir mot EØS-avtalen og er «mer egnet til å beskytte kommunens egne rørleggere mot konkurranse utenfra, enn å sikre faglig kompetanse». Den faglege kompetansen som ligg i lokalt kjennskap til leidningsnett og lokale håndverkarar som kan rykkje ut på kort varsel, blir heilt oversett.

I denne samanheng har Norske Rørleggerbedrifters Landsforening (NRL) spela ei særskild aktiv rolle for å overvake EØS-reglane. NRL har både truga med rettsak mot kommunar, klaga til departementet og klaga saker inn for ESA. Her er det tydelege

interessemotseiingar mellom bransjeleiinga på sentralt hald og lokale firma. Med EØS har dei større arbeidsgjevarane fått eit mektig våpen til å bryte ned eksisterande reguleringar til gagn for lønnsarbeidarar og lokalsamfunn og i staden opne nye område for privatkapitalistiske disposisjonar.

### **Tinn kommune dømt av ESA**

Eit døme på korleis EØS-avtala undergrev lokale omsyn, er den første saka som vart brakt inn til Overvakingsorganet ESA. I innkjøpsreglane sine har Tinn kommune i Telemark tatt omsyn til lokal sysselsettjing når dei skal tildele oppdrag. Dette vart klaga inn, juni 1994. Det interessante er dessutan at ESA på eige initiativ tok opp eit anna punkt då dei vende seg til Noreg, nemleg at kommunen i tillegg leggjer vekt på om leverandøren har lærlingar tilknytta den norske ordninga, noko som er potensielt diskriminerande for selskap frå EØS-land utan lærlingeordningar. Kommunen måtte betale 30.000 nkr. i bot til Norske Rørleggerbedrifters Landsforening, men fekk til slutt (desember 1994) lov å leggje vekt på om entrepenøren har «en lærlingeordning på det tidspunkt kontrakten gjennomførers» (Instruks for kontrahering av bygg og anleggsarbeider i Tinn kommune).

I februar 1995 følgde Kommunenes Sentralforbund trass dette opp med eit rundskriv som slår fast at det ikkje er mogleg å stille vilkår som favoriserer selskap frå eitt land fram for andre. Følgjeleg er det ikkje mogleg å føretrakkje norske bedrifter med norske lærlingeordningar av den grunn og ein kan sjå fram til andre rettssaker. Med Dag Seierstad sine ord er spørsmålet om det er einskildlanda som «ville diskriminere på grunnlag av nasjonalitet eller om det er EF-domstolen som diskriminerer langtidsledige» (Nei til EU 1995: «EØS og kommunal handlefrihet»).

### **EØS gjev mykje meirarbeid**

Innføringa av dei nye EØS-reglane har til no kosta svært mykje meirarbeid, ofte utan synlege innsparingseffektar. T.d. reknar Bergen kommune med at meirarbeidet for innkjøpsavdelinga si del minst svarar til eit heilt årsverk på årsbasis. Kommunane har eit stort sjølvstendig ansvar for å halda seg orientert om EØS-forskriftene. Krava til etterleving er store og eikvar europeisk bedrift kan stemne inn alle norske offentlege instansar for Overvakingsorganet dersom dei kjenner seg diskriminerte.

Tidsfristen for å rette opp brot på reglane er svært kort. Medlemstatane har eit stort ansvar for å «treffe de nødvendige tiltak for å sikre at det effektivt, og særlig så raskt som mulig kan klages på vedtak gjort av de offentlige oppdragsgivere» (Rådskdirektiv 89/665/EØF).

Dette stiller leiarar i lokalforvaltninga over for nye utfordringar til gjennomgang av organisasjonen. Kommunenes Sentralforbund har som uttalt mål at arbeidet med EØS skal gjennomsyre organisasjonen. Anbefalingen til lokalforvaltninga lyder derfor slik: «Ledelsesutfordring IV: Spre entusiasme omkring de nye utfordringene i egen organisasjon! De nye utfordringene kan vinkles positivt. ... Ansatte i lokalforvaltningen må stimuleres til å forholde seg til Europa!». Göteborg kommune har til og med dette som mål nr. 1: «Alle ansatte i Göteborg kommune skal interessere seg for EF og arbeide aktivt for det», referert i «EØS. Konsekvenser for Bergen kommune», 1992.

## **Innkjøpsreglane aukar byråkratiet**

Av dei mange nye reglar er truleg innkjøpsreglane dei mest omfattande. Ein viktig del av innkjøpsleiaren sitt arbeid vert opplæring av andre og oppfølging av innkjøpsordning og innkjøpsreglement i etatane. Oslo kommune har oppretta eit eige opplæringsråd som skal halde seminarar om offentlege innkjøp. Med orda frå ei arbeidsgruppe nedsett av Hordaland Fylkeskommune har «utviklingen innenfor området offentlige anskaffelser...fått et reallt «kick off»».

Det er forbode å stille krav som diskriminerer utanlandske leverandørar, uansett om innkjøpet ligg over eller under terskelverdiane og dette gjeld både direkte og indirekte diskriminering - dei faktiske konsekvensane er avgjerande. Det er eit generelt forbod mot å inngå korte rammeavtalar eller dele opp innkjøpa for å kome under terskelverdien. Mange stadar skjer no nærast det motsette, nemleg ei samordning av ulike etatar sine innkjøp og samling i store varegrupper. Sentraliserte innkjøpsavdelingar skal ta seg av det ofte svært krevjande spesifiseringsarbeidet og utnytte stordriftsføremoner. Dei nye krava gjer at samtlege vilkår for å få anbod skal vera kunngjort, noko som krever mykje forarbeid. Val av leverandør skal skje ut frå eitt av to vilkår som skal vera kunngjort på førehand. Ein kan velje mellom berre lågaste pris eller det økonomisk mest gunstige anbudet vurdert ut frå fleire (kunngjorte) vilkår.

I tillegg er det ikkje lenger mogleg å gå inn i nærare tingingar når først anbudsrunder har vore («kontrahering av totalentreprise»). Ved einskilde høve kan dette tyda dyrare og dårlegare tekniske løysingar.

*«Ved større kompliserte anskaffelser kan det være tilnærmet umulig å spesifisere anbudsinnbydelsen på en slik måte at innkomne anbud er direkte sammenlignbare. Erfaring tilsier at det er behov for å diskutere tekniske løsninger nærttere for å sikre en optimal løsning, får eventuelle presiseringer, endringer o.a. som regel en direkte konsekvens også for den kommersielle del av anskaffelsene. ... Gruppen er skeptisk til å ha en fortolkning som er upraktisk og tildels urealistisk, da dette kan føre til ufrivillig brudd på regelverket. Det kan i verste fall også presse en del av disse arbeidene ut i en «grå sone», hvor man ikke kan forvente informasjon eller dokumentasjon av de faktiske forhold» (Hordaland Fylkesting, sak 51).*

I ei høyring lydde vurderinga til Statens bygg- og eigedomsdirektorat:

*EU-direktivet vil «sette en stopper for denne form for totalentrepriser og «skru klokken tilbake» til 70-årene med de farer for usikre byggekalkyler dette innebærer. ... Utviklingen i Norge har imidlertid vist at man kan spare tildels betydelige beløp og få bedre og mer avanserte tekniske løsninger til rimeligere pris dersom man anvender den metode som er utviklet her i landet. Vi må også her på dette området beklage at EF-direktivet i hovedsak vil stanse en utvikling som vi mener ville være gunstig» (Høyringsuttale av 5.9.89).*

Trass i dette er sjølve det å fylgje reglane noko av det enklaste.

*«Det som virkelig krever innsats er å imøtekomme et internasjonalt leverandørmarked på en forretningsmessig profesjonel måte...Alle tilbydere har krav på seriøs behandling og tilbakemelding på sine anbud. Det skal opplyses om hvilke kriterier som er gjort ved valget av leverandør, og i hvilket sjikt tilbudet lå. Det skal føres protokoll når anskaffelser skjer etter prosedyrene for begrenset anbudskonkurranse, kjøp etter forhandlinger eller bygge- og anleggskontraheringer. Protokollen skal etter anmodning legges frem for overvåknings- eller kontrollinstans» (Hordaland Fylkesting, oktober 1994, sak 51).*

*«Ved bruk av anbudsformen skal det foretas anbudsåpning med opplesning av priser. Når en har så mange ulike produkter som i dette tilfellet, tar anbudsåpning svært lang tid. En anbudsåpning binder opp minst tre personer; oppleser, skriver og revisor. Ved bruk av anbud etter EØS-forskriftene er pris oftest bare ett av flere tildelingskriterier. Dette fører til at anbudsåpningen har begrenset verdi også for de fremmøtte potensielle leverandørene» (Statusrapport fra Bergen kommune, oktober 1994).*

### **EØS-avtala forsterkar sentralisering i næringslivet**

Dei siste tiåra har det vore ein sterk tendens til strukturrasjonalisering og maktkonsentrasjon i både næringsliv og offentleg administrasjon. EØS-avtala gjer at denne utviklinga vil halda fram og til og med verta forsterka. Auka internasjonal tevling vil føra til meir konsentrasjon fram mot nokre få større samanslutningar for å kunne konkurrere om alle anbud nasjonalt og internasjonalt. Dei vil rå over svære ressursar og dei vil kunne flytta fritt utan hindringar. Ein slik konsentrasjon av kapitalkraftene i Noreg og i resten av EØS-området vil kraftig styrkja tingingsposisjonen deira i høve til dei offentlege styresmaktene, særleg overfor den einskilde kommunen og fylkeskommunen. Det vil verta større press for kommunesamanslåingar og sentralisering av offentleg administrasjon. Meir omstendelege innkjøpsprosedyrar vil gje større kostnader, særleg i ein overgangsperiode før nye rutiner vert etablerte. Dette gjev auka byråkratisering og auka administrasjonsutgifter, som relativt sett vert større jo mindre kommunen er.

Norsk næringsliv er i dag kjenneteikna av mange små og mellomstore bedrifter. Dette vil truleg endre seg med internasjonaliseringa. Færre og større bedriftssamanslutningar vil gje auka byråkratisering av verksemda. Dei stadige anbudstevlingane vil gjere at den gamle entrepenørtypen - han som sjølv starta ut med ein hammar eller ein spade - må dele makta med jappete bedriftsøkonomar og juristar. Tingingsklimaet i bransjen vil verte endå tøffare og likne meir på t.d. offshoretilknytta verkstadindustri. Kommunane må rustast opp til å kunne handtere harde kontrakttingingar og til å ha kunnskap om det omfattande internasjonale regelverket. Dette vil truleg føre til mindre lekmannsinnslag i styringa av kommunane og at dei vert meir avhengige av dyrkjøpt og profesjonell ekspertise utanfrå, særleg ved dei større innkjøp og oppdrag. I Hordaland fylkeskommune si utgreiing om EØS heiter det m.a.:

*«Hordaland Fylkeskommune må då vurdere ut frå tilgjengeleg intern planleggingskapasitet når ein må nytta eksterne rådgjevarar frå internasjonalt marked» (sak 51, 1994).*

Stavanger kommune har no opprette «Stavangerregionens Europakontor» i Brussel og fleire fylkeskommunar vurderer det same. Slike dyre tilsetjingar vil berre vere mogleg for dei mest pengesterke kommunane. Langt dei fleste lobbyistar er tilsette av pengesterke organisasjonar og ikkje minst dei største selskapa. Det er dei folkelege og friviljuge organisasjonane som vert taparane og dermed også folkestyret.

I delrapport II om offentlege innkjøp og EF sin indre marked heiter det m.a.:

*«Tilpasningen til direktivet for offentlige innkjøp i ekskluderte sektorer (Red.: vann- og energiforsyning (inkludert offshore), transport samt telekommunikasjon. Fra 1.1.95 kalla «Forsyningssektoren») vil, sammen med den øvrige tilpasning til EFs indre marked, kunne føre til økt omstilling i norsk økonomi. Omstrukturering og avvikling av bedrifter som ikke er konkurransedyktige i fri, internasjonal konkurranse, vil frigjøre ressurser som kan allokeres til produksjon av varer og tjenester som gir høyere samfunnsøkonomisk avkastning.*

*Omstillingskostnadene er knyttet til reallokering av ressurser både på arbeidskraftsiden og på kapitalsiden. I en periode med stor omstilling vil en også*

*kunne få økt arbeidsledighet. Videre kan omstrukturering av næringslivet også få konsekvenser for bosettingsmønsteret i Norge. ... Større produksjonseenheter og økt internasjonal arbeidsdeling vil kunne føre til økt konsentrasjon av produksjon og dermed bosetting i større sentra og «sentrale» deler av landet. ... Økt konkurranse om leveranser til offentlig sektor, vil kunne gi reduserte innkjøpskostnader for det offentlige».*

### **Auka utgifter til annonsering**

Eit døme på stoda i ein overgangssituasjon var Bergen kommune sine røynslar med annonsering. Dei nye detaljerte kunngjeringsreglane førte i byrjinga til vesentleg auka utgifter til annonser. Innkjøpsavdelinga sendte då i samsvar med «standard rutine» EØS-annonsene på norsk til Norsk Lysningsblad (NL) for gratis omsetjing til engelsk og vidareending til kunngjeringskontoret i Luxembourg. NL kravde samstundes å få trykkje annonser til vanleg annonsepris. Med det formatet desse annonsene har, førte det til ei meirutgift på 2.500 - 3.000 nkr. pr. annonse samanlikna med tidlegare, d.v.s. opp mot 100.000 nkr. i året. I tillegg var kvaliteten på omsetjingsarbeidet ikkje alltid like god.

Innkjøpsavdelinga skaffa seg derfor programvare for dei fleste aktuelle kunngjerings skjema. Annonsene vert no utarbeida på engelsk og vert sendt beinveges til Luxembourg. Innkjøpsavdelinga hevder at dei både sparar pengar og har betre kontroll med teksten som vert oversend til kunngjering.

### **Anbod i kollektivtransporten**

At samferdselsminister Kjell Opseth no har opna for innføring av anbudsordningar innan buss- og ferjetransport er enno eit teikn på at DNA-regjeringa har gjeva opp å styre samfunnet etter politiske prioriteringar og i staden gjer sitt beste for å leggje tilhøva til rette for marknadskreftene. Sjølv om EØS opnar for svært vidtgåande bruk av anbod på mange andre område, er det enno ikkje naudsynt på nett kollektivtransport. Ei anna sak er at EØS gjer det mogleg for utanlandske transportfirma å etablera seg sjølve i landet eller kjøpe opp t.d. norske buss- og transportselskap. EØS-avtala fører uansett til ein knallhard konkurranse i transportbransjen med stadige trugsmål om anbod. Løns- og arbeidsvilkåra er under stadig press i denne bransjen. Dette gjeld óg arbeidstidsordningar og tryggleik.

I slutten av 1993 braut det ut streik ved Trondheim Trafikkselskap (TT) avdi kommunen ville føre TT ut av Kommunenes Sentralforbund og over på ein dårlegare avtale med NHO. Kommunalråd Marit Stemshaug frå Senterpartiet nytta EØS-avtala som argument for operasjonen og for å føre dei fagorganiserte over på ein dårlegare tariffavtale. Dette kunne føre til eit lønskutt på ca. 17.000 nkr. pr. årsverk (Trønderavisa 29.12.93).

Med argumentet at fylkene kan spare inn reduserte overføringar ved å innføre anbod i kollektivtrafikken, kutta regjeringa 140 millioner nkr. i statsbudsjettet for 1995. For t.d. Hordaland fylke tyder dette ein nedskjæring på 14,4% som dei sjølve må administrere. Dei fleste av kollektivselskapa i fylket får kutta overføringane, men ingen vert så grundig barbert som Bergen Sporveier som får dramatiske 83% mindre (frå 14 millionar til 2,4 millionar). Av trafikkinntekter utover dei budsjetterte 138 millioner kan Bergen Sporveier høgst tene 2,4 millionar (årets tilskot), resten skal først tilbake til fylket. Av eit totalbudsjett på omlag 150 millionar tar Bergen Sporveier i mot stønad på 2,4 millionar. Desse reduksjonane vakte sterke protestar. Mars 1995 gjekk dei tilsette til politisk streik i nokre timar. Streiken omfatta alle dei gule bussene. Fordelinga av pengesekken skjer etter ein normtalsmodell som mellom anna gjer uttelling for effektiv drift. Modellen tek imidlertid ikkje omsyn til at det er dyrare å drive eit kollektivtilbod i byen. Bedriftsøkonomiske krav vil både kunne ramme ruter i distrikta og i byane. Modellen skal justerast neste år.

Sjølv om EØS har vart frå 1.1.94 var det i mars 1995 berre Oppland fylkeskommune som har innført anbudsprinsippet. Oslo Sporveier er i full gang med samferdselsbyråden Raymond Johansen frå SV i spissen. Det svenske Swebus er klar til å ta over, sjølv om fagrørsla er mot det (ikkje minst Norsk Kommuneforbund) Swebus sin aggressive framferd i Sverige har mellom anna utløynt aksjoner mot selskapets krav om lønskutt, lengre arbeidstid og høgare pensjonsalder. Hordaland fylkesting har klårt sagt frå at fylket heller vil satse på effektivisering enn anbod for å få ned kostnadene. Anbudet er formelt friviljug og det er fylkeskommunen som tek avgjerda. Det er enno berre høve til å leggja ut 20% av rutene på anbod pr. år (i det einskilde fylket) og maksimalt 50% dei fem første åra.

Med stram økonomi kan det friste med innsparinger gjennom anbod. Men den kortsiktige vinsten kan raskt syna seg å ikkje vere lønsam på sikt, korkje samfunnsøkonomisk eller i det økologiske rekneskapet. Transportsektoren er ein av dei største ureinarane i Noreg. Privatbilismen er verst. Reduksjon i privatbilismen krev alternativ.

Røynslene frå Sverige syner at anbod for «Storstockholm Lokaltrafik» gav auka takster og ferre reisande, ein nedgang frå 50% av personreisene i Stockholms Län til 40% i 1993. I Danmark har anbudsrunder på busstrafikken i Esbjerg utløynt ein av dei største og mest langvarige arbeidskampane i Danmarkshistoria og sett i gang ei kampanje i fagrørsla mot den generelle privatiseringa. Dette er ei innsikt og ei skjerping av klassekampen som er fårleg for makthavarane i Danmark. Politi og politikarar har difor med alle midlar freista å kriminalisere den faglege kampen, teke i bruk hundar, politiprovokatørar og andre svært brutale og halvlegale metoder. Det er i slike situasjonar at klassesamfunnet openberr seg og minner oss om at det same kan skje i Noreg. Fagrørsla sitt svar lyt vere «fri flyt» av arbeidarsolidaritet og streikestøtte på tvers av landegrensene.

### ***EØS-anbod i helse- og sjukehussektoren***

Helse- og sykehussektoren er ein av tungvektarane innan offentlege innkjøp. Ullevål sjukehus i Oslo og Haukeland sjukehus i Bergen har begge innført anbod i innkjøpsavdelinga. Sjølv om t.d. Haukeland handlar for rundt 300 millionar nkr. årleg uttala innkjøpssjef Atle Hitland i eit intervju med Bergens Tidende 11. oktober 1994 at han ikkje trudde på noko innsparing. Tvert i mot understreka han det meirarbeidet som EØS-avtala hadde gjeve dei. Nesten alt medisinsk utstyr vert kjøpt på anbod via dei norske agenturene til dei internasjonale gigantane innan bransjen (Siemens, Philips, General Electric, Bayer), slik at EØS ikkje på dette området er eit direkte trugsmål mot norske arbeidsplasser. Det kan til gjengjeld vere tilfellet for andre område: Store delar av sjukehuset vart opna i 1983. Slitasje gjer at det vert trong for nyinvestering på minst 35-40 millioner årleg utover i 90-åra. Truleg vil det gå slik det har gått med dei oppdraga som Haukeland allereie har utlyst. Det er i fyrste rekkje i det lokale næringslivet konkurransen slår ut og dei utanlandske selskapa held att inntil dei verkeleg kan ta dei store og innbringande oppdraga.

### ***Fleire saker unntatt offentleg innsikt***

Underordninga over for eit overnasjonalt regelverk tyder at mykje av det som til no har vore reint norske saker i staden vil verte «forhold til fremmede makter» og ikkje lenger vera underkasta norsk lov om offentleg innsikt. Utanrikspolitikken har alltid gått føre seg bak lukka dører og er tradisjonelt eit område som er eksklusivt for regjeringa. Det er ikkje tilfeldig at meir har vorte halde hemmeleg dei siste åra under den noverande Ap-regjeringa. Avgjerder vert flytta frå Stortinget til toppmøte som finn stad på slott og palass rundt om i heile Vest-Europa, godt skjerma frå den vanlege veljaren. Det einaste som er offentleg er handtrykka når diplomatane møtest og underskrivinga når møta er over.

I tillegg til generelt verre vilkår for offentlig innsikt, er EØS-avtala usedvanleg dårleg lagt til rette for demokratisk kontroll. Formelt er det mogleg å leggje ned veto mot ein skilde EØS-direktiver, men all røynsle syner at det berre er dei største landa som har styrken til å setje ned foten utan å frykte sjølv å verte satt på døra. Dessutan er Arbeiderparti-regjeringa faktisk tilhengar av dei fleste direktiva og ynskjer ikkje å blokkere i det heile teke. I tillegg er det vanskeleg å vite når direktiva skal handsamast. Dei folkevalde i den rådgjevande EØS-parlamentarikomiteen (der korkje Venstre eller RV har fått plass) møttest berre den siste tysdagen/fredagen i kvar månad. Medlemene er ikkje klåre over saklista på førehand. Reglane er lite klårt utforma og sikrar t.d. ikkje at mindretalet skal kunne krevje at bestemte saker blir lagt fram for Stortinget.

Den parlamentariske konsultasjonsordninga er udemokratisk og heilt uforsvarleg. Trass i dette syner røynsler frå t.d. det danske Markedsudvalget at sjølv formelt gode reglar likevel ikkje sikrar tilrekkeleg reell kontroll over regjeringa i kompliserte tingingssituasjonar.

### ***Hemmeleg tolking av EU-direktiv***

17. juli 1995 skreiv Dagens Næringsliv om ein fersk rapport frå juridisk avdeling i EU sitt ministerråd. Her vert det avslørt korleis EU-landa og Kommisjonen inngår hemmelege avtalar om praktisering og tolking av direktiv. Saka har vekt stor debatt i EU og EU-parlamentet har reagert mot undergraving av rettstryggleik og tilliten til lovgjevingsprosessen i EU. Det syner som at systemet er ute av kontroll.

Gjennom EØS-avtala har ein rekkje av desse EU-direktiv vorte norsk lov. Men norske styresmakter (og dei andre EØS-landa) får ikkje innsyn i dei hemmelege avtalane. Bruken av slike erklæringar har auka dramatisk, i det sokalla datadirektivet som òg skal innarbeidast i EØS er det ikkje mindre enn 31 hemmelege vedlegg til protokollen. Mange av erklæringane er heilt ukontroversielle merknader. Ministerrådet sine eigne juristar uroar seg og gjer uttrykk for at utviklinga «er i ferd med å undergrave den rettslige presisjon». Likevel advarer dei i rapporten mot offentliggjøring av erklæringane, dei frykter at det vil gje publikum inntrykket av at det ikkje er dei vedtatte reglane som gjeld.

Eit døme på hemmelegghaldet er TV-direktivet som slår fast at det skal vere 20 minutt mellom reklamepausene. I ein hemmeleg erklæring har EU-landa og Kommisjonen trass dette vald å sjå gjennom fingrene med reglen. Eit anna døme er direktivet for transport av materiell som både kan brukast sivilt og militært. EU-landa er einige om at transittlandet skal varslast om innhaldet, slik at dei skal kunne motsette seg transporten. I ein hemmeleg erklæring går det fram at det ikkje er naudsynt å orientere kvar gong. Når det gjeld like konkurransevilkår for alle både EU- og EFTA-bedrifter er det eit spørsmål om dette er mogleg når det eine kontrollorganet (EU-Kommisjonen) inngår hemmelege avtalar med dei som skal kontrollerast.

### ***Harmonisering av skatter og avgifter gjev økonomiske vanskar***

Ut over spørsmåla om rein administrasjon og maktkonsentrasjon i næringslivet, vil kommunane truleg òg verte ramma av dårlegare finansar på anna vis. Som nemnt har dei skandinaviske landa tradisjonelt hatt høgare offentlege utgifter og ein annan fordelingsnøkkel, idet rundt 50% av den offentlege økonomien vert handsama regionalt eller lokalt, medan EU-nivået er på rundt 25%. Fylka og kommunane krev i tillegg sjølv inn omlag 1/3 - ein langt høgare del enn i dei fleste EU-land. Det er først og fremst offentlege tungvektarar som helse- og sosialsektoren som gjer utslaget, medan desse områda har større private innslag i EU. Dette speglar seg i skattestrukturen, der EU-land har lågare

inntektsskatt og avgiftsnivå, medan arbeidsmarknadsbidraget er høgare. EU ynskjer å harmonisere skattar og avgifter for å lette fri flyt av varer, tenester, arbeidskraft og kapital. Det er krefter i EU som ønskjer å gjera dette gjennom direktiv (noko som formelt ikkje er mogleg i dag). I mellomtida vil det vere eit konstant press gjennom marknadskreftene.

Å ha eit særnorsk skattleggingssystem vil verte vanskelegare. Det er ikkje Noreg som vil påverka dei andre, men EU-landa og marknaden som vil påverka Noreg.

### **3. Strukturrasjonalisering av næringslivet - nasjonal kontroll mot utanlandsk eigarskap**

Noreg er eit lite, imperialistisk land med ein kapitalistisk økonomi der eigarane profitterar på å utbytte både nordmenn og utlendingar, utkantar og fattige land. Likevel har det norske folket ein legitim interesse i å handheva den nasjonale kontrollen over ressursane (olje, fisk, skog, vasskraft, metallar) heller enn at dei vert kjøpt opp av multinasjonale selskap. Me har óg interesse i norsk privat eigarskap heller enn utanlandsk eigarskap i næringslivet, slik at lønnsame arbeidsplasser i lokalsamfunnet ikkje vert rasjonaliserte bort og produksjonen konsentrerast andre plasser.

På europeisk plan er det ein sterk tendens til regional polarisering, der einskilte regioner trekkjer til seg kapital og kanskje arbeidsplassar, medan andre opplever nedlegging og marginalisering. Denne strukturrasjonaliseringa rammer óg meir konkurransetruga industri samt dei bedriftene som ikkje klarer rask omlegging eller berger seg gjennom nisjeproduksjon eller som underleverandørar som må tilpasse seg usikre svingningar på marknaden. Dette opnar for betinga allianser, samstundes som det er naudsynt for arbeidsfolk å stå saman mot eigarane som heilskap for å ikkje verta spela ut mot arbeidsfolk i andre land.

#### ***EU krever konsesjonslovane endra***

Nasjonalstaten har vore ein viktig råde for utviklinga av det norske næringslivet, særleg gjennom konsesjonslovgjevinga av 1917. Dette byggverket av konsesjonslovgjeving har vore svært omfattande. I sitt vesen var dette ei form for nasjonal proteksjonisme i eit land som var kapitalfattig, men rikt på naturressursar, ikkje minst fossefall. Desse lovane gav grunnlag for nasjonal samfunnsstyring. Dei gav staten rett til å sette vilkår for konsesjon og korleis verksemda skulle drivast. Dei utanlandske datterselskapa skulle ha sete i Noreg og styrefleirtalet og styreformannen skulle vera norske statsborgarar. Det vart innført nasjonal fortrinnsrett for norske maskin- og materialleveransar, bruk av norske arbeidarar og funksjonærar og bruk av norsk forsikring ved dei utanlandskfinansierte verksemdene. Nærare innkjøpsreglar for fortrinn av norske leveransar kom inn i konsesjonslovane i 1927. Føresetnaden var at toll og prisskilnaden ikkje skulle overstige 25% av prisen på den utanlandske vara, eksklusive toll.

Desse reglane må no endrast på viktige punkt, særleg om utanlandsk oppkjøp av vassfall, bergverk og annen fast eigedom m.v. Det er ikkje lenger mogleg for staten å «diskriminere» på grunnlag av nasjonalitet. Dei felles konkurransereglane i EU forbyr konsesjonsreglar som favoriserer alle former for nasjonale interesser. Utanlandske og innanlandske selskap og innbyggjarar skal handsamast likt. Dette gjeld óg EØS-avtala. Den 13. desember 1994 (vel 14 dagar etter folkerøystinga) vart ny lov om erverv av næringsverksemd vedteke av ja-fleirtalet på Stortinget. Dette vedtaket innebar at dei siste restane av nasjonal industrikonsesjonslovgjeving vart endra i tråd med EØS-avtala, mellom anna alle reglar som

kunne ha hindra den største industripolitiske skandala i dei seinare åra - slaktinga av Viking Dekk på Askim i Østfold.

For deler av det norske borgerskapet har nasjonalstaten no vorte for lite til å sikre tilstrekkeleg inntening. For å kunne ta spranget til verdsmarknaden trenger det vesteuropeiske storborgarskapet den Europeiske Unionen som ein større og mektigare vernar og som ei brekkstang for opning av nye område for investering, både innanlands og utanlands.

### ***Svekka kontroll over naturressursane***

Mesteparten av verdiskapinga i Noreg skjer ute i distrikta tufta på desse naturressursane. Her var nei-fleirtalet størst ved EU-røystinga i fjor. Sysselsettjninga og kommuneøkonomien i distrikts-Noreg heng nøye saman med råderetten over desse ressursane. Det vil ofte vere konflikt mellom konkurransereglane i den indre marknaden og omsynet til norske lokalsamfunn. Den store delen av norsk næringsliv som er avhengig av naturressursar som olje, fisk, skog, vasskraft og metallar er no ein utsett sektor. EU er i dei fleste tilfeller nettoimportør, medan Noreg er nettoeksportør. For at EU skal kunne verta ein ny supermakt er det naudsynt med tilgang på billege ressursar der Noreg er interessert i det motsette. Hovudproblemet i dag er ikkje at ressursane er ulikt fordelt mellom nasjonane, men at imperialistiske stormakter eller storselskap utnyttar svake statar sin manglande kontroll. Derfor er det rett å stå vakt om den nasjonale råderetten over ressursane, óg i eit kapitalistisk land som Noreg. Samstundes skal me sjølv sagt kjempa for at dei vert underkasta demokratisk kontroll og nytta i folket sin interesse, ikkje den borgarlege statsmakta.

### ***Vasskrafta har vore øymerka lokal industriproduksjon***

Noreg har eit naturleg fortrinn med mange og høge fossefall, rikeleg med nedbør og isfrie havner i fjordane langs kysten. Dette har danna grunnlag for at Noreg er den største produsenten av elektrisk energi i Europa. Dette og danner grunnlag for ein elektrokjemisk og elektrometallurgisk storindustri i Noreg tufta på konkurransefortrinnet rimeleg, rein og fornybar vasskraft. Gjennom konsesjonslovgjevinga har kraftproduksjonen vore øymerka til lokal industriproduksjon. Den billege krafta har vore eit viktig industripolitisk verkemiddel her til lands.

Samstundes som EU-Kommisjonen og ministerrådet i EU tok det første steget for å marknadsliberalisere energisektoren skjedde det same i Noreg på slutten av 80-talet. Dåverande olje- og energiminister Eivind Reiten, statsråd frå Senterpartiet, la på vegne av Syse-regjeringa fram den nye energilova for Stortinget i 1990, skreddersydd til den komande EU-tilpasninga. DNA-regjeringa satte lova i kraft frå 1.1.1991 og heldt fram liberaliseringa på energiområdet. I denne lova er elektrisk energi definert som ei vare, slik EU gjorde det i 1988 og slik EØS-avtala gjer det. Statkraft skal etter omorganiseringa drive reint forretningsmessig. Jappekulturen har overtatt energiomsetninga.

Det måtte ei Arbeiderparti-regjering til for å gjennomføre marknadsliberaliseringa i norsk kraftforsyning. 55% av norske kraftverk er i fylkeskommunal eller kommunal eige. Mange av desse er i ferd med å bli omdanna til aksjeselskap. Dei største offentlege kraftverka er gått inn i kraftsamanslutningar med sikte på å eksportere kraft til EU-land. Dei største kraftsamanslutningane heiter Norsk Krafteksport A/S og Eurokraft Norge A/S. Ei rekkje kraftkablar frå Noreg til Sentral-Europa er på trappene. Statkraft er ei drivkraft i denne utviklinga.

EØS-avtala er i ferd med å slå beina under nasjonal styring over kraftpolitikken og vil m.a. føre til adgang for energiselskap i EU til å kjøpe opp norske kraftverk og adgang til fri krafteksport frå Noreg til EU. Noreg må etterkvart tilpasse seg dei felles konkurransereglane i den indre energimarknaden i EU. Konsekvensar blir etterkvart høgare straumpriser både til den kraftkrevjande industrien, andre bedrifter, forbrukarar og offentleg drift. Dette vil og føre til undergaving av arbeidsplasser i Noreg som er heilt avhengig av rimeleg straum. Dette vil og kunne føre til auka press på utbygging av nye vassdrag (t.d. Tovdalsvassdraget i Aust-Agder) med tanke på langsiktig krafteksport. Denne EU-tilpasninga og marknadsliberaliseringa på kraftsektoren representerer eit historisk brot med norsk kraft- og konsesjonspolitikkk sidan 1906.

### ***EØS = Svekking av petroleumspolitikken***

Noreg har dei største gassreservane i Europa og er den største eksportør av råolje og petroleumprodukt utanfor OECD nest etter Russland. Om få år vil Noreg verta den nest største oljeproduzenten i verda etter Saudi Arabia. Statoil er den største oljeproduzenten i Europa og når etter 1996 óg toppen som gassprodusent når Troll kjem i full drift. Med staten i ryggen har norske selskap (Norsk Hydro, Statoil, Saga Petroleum) utvikla eit visst sjølvstendig økonomisk fundament, økonomisk, teknologisk og energipolitisk. Dei siste fem åra har oljeproduksjonen blitt fordobla. Det forserte utvinningstempoet heng saman med krava frå dei multinasjonale selskap og at Regjeringa vil gjera Noreg attraktiv for dei. Gigantinntektene dei komande år skal plasserast i eit oljefond i utlandet.

Olja er opplagt ei dei viktigaste delene av norsk næringsliv og er difor eit bra døme på stoda: Verdier frå olja utgjer staten sin viktigaste inntekt. 75.000 er tilsett direkte i olja. Petroleumsløva frå 1985 slår fast at oljeforvaltninga skal gagne det norske samfunnet, næringslivet og distrikta. Norske styresmakter har grepet inn i gass- og oljesektoren gjennom lover og sjølve tatt del i næringa gjennom Statoil. Gjennom konsesjonslovene har staten fram til i dag hatt rett til sjølv å velja forretningspartnarar og har då ofte prioritert norske selskap for å byggje opp kompetanse. Utanlandske oljeselskap har vorte pålagt å overføre kunnskap til dei norske selskap, investere i norsk økonomi og bruke norske leverandører til sin verksemd. Allereie i 1976 vedtok staten at arbeidarar på plattformene måtte ha arbeidsløyve i Noreg for å få jobb. Sidan har arbeidsplassene i Nordsjøen tydd svært mykje for sysselsettinga.

I løpet av 1980-åra vokste det fram 11 norske multinasjonale selskap, definert slik: minst tre produksjonsselskap i andre land, årsomsättning på minst 2 milliardar nkr. Fleire selskap er på veg og eitt er gått ut som norsk selskap. Ein rekkje av desse selskapa er knytt til oljeverksemda; Statoil, Norsk Hydro, Kværner, Elkem, Aker og EB (som vart kjøpt opp av ABB i 1991). Statoil og Norsk Hydro er relativt store og kjem inn på The Times sin liste over dei 1000 største selskap i verda og er på 46. og 48. plass. Blant dei ni største norske selskap vart det investert 100 milliardar i åra 1990-93. Av desse vart 42,9 milliarder investert i olja, 32 milliardar i utlandet og 25,1 milliardar i fastlands-Noreg. Dette tyder svært mykje for norsk økonomi, bruttoproduksjonsverdien var på 214 milliardar i 1990, dvs. halvparten av total produksjonsverdi i industri, olje og bergverk. Dei sysselsatte 120.000, eller 38% av arbeidsstokken i industrien (Knut Henning Thygesen: Energilandet Norge).

Med oljedirektivet skal konsesjon for leiting og utvinning av olje og gass settjast ut på anbod og internasjonal tevling med dei store oljekonserner. Konsesjon vil bli gitt til det selskapet som kan presse produksjonskostnadene lengst ned. Marknaden skal bestemme, ikkje dei folkevalte. Svekkinga av den statlege styringa vil først og fremst truge arbeidsplasser i leverandørindustrien og det vil ikkje lenger verta mogleg å ta politiske omsyn. Det er heller

ikkje lov å skru ned utvinningstempoet for å regulere prisen. Statoil er på veg til å verta eit nytt stort oljeselskap som vil oppføre seg nett like tvilsamt som dei andre gigantar.

EØS tyder svekking av petroleumpolitikken, auka press på utvinningstempoet, mindre tryggleik, svekka norsk sysselsettingsandel og dårlegare miljøomsyn. Men samstundes er Noreg i alle fall betre rusta til å «tole» frihandelspolitikken enn landet var i 1972. Dette perspektivet er viktig når ein ser på dei vilkår som land i den 3. verden eller i den tidlegare austblokken er underlagt når norsk petroleumsindustri går på eventyr på nye marknader.

Norsk offshore-industri står overfor eit voldsomt mannefall dersom store deler av t.d. Ekofisk-utbygginga og andre felt går til utanlandske leverandørar. Stortinget er heilt makteslaus som følgje av EØS-avtala. I alt står 2000 verftsarbeidarar i fære for å verta permittert. Det er Philips Petroleum som står for tildelinga og størsteparten av dei 1,5-2 milliarder nkr. vil truleg gå til utanlandske verft som er 10-15% billegare enn dei norske. Kværner Rosenberg i Stavanger, Kværner Egersund og Westamarin i Kristiansand er ute av kampen. På Kværner Rosenberg er ordreboka nærast tom etter at Troll Olje-oppdraget er slutført, men sysselsetter framleis 550 med nokre prosjekt. 80 er allerede ute i permisjon, varslar er blitt sendt ut til ytterlegare 250. Frå nyttår kan enda fleire av dei 1500 tilsette verta permittert. Går dei glipp av Ekofisk-kontrakten må dei 750 tilsette ved Kværner i Egersund innstille seg på permitteringar frå denne hausten (1995). Aker Verdal kjører i dag for berre rundt 80% kapasitet og vil halda fram med dette ut året. Utan nye oppdrag vil det gå dramatisk ned. Av totalt 1000 tilsette ved Aker Verdal er mellom 200 og 250 tatt ut i permisjon, utan oppdrag vil fleire hundre av dei andre gå same vegen. Aker Stord vil i 1996 gå på 60% kapasitet. Av 1965 tilsette er 50 permittert og dette talet vil kanskje doblast ut over hausten. Utan Ekofisk-oppdrag vil Haugesund Mekaniske Verksted (HMV) kanskje permittere halvparten av dei 1200 tilsette. Westamarin i Kristiansand har bortimot full sysselsettjing for sine 450 tilsette til våren 1996 og får kanskje anbod som kan trygge jobben til mellom 200 og 300 (Dagens Næringsliv 14.8.95). DN skriver det ikkje direkte, men det er i fyrste rekkje på grunn av EØS-avtala sitt forbod mot å gje fortrinn til norsk næringsliv at desse permitteringane er på veg.

### **Ein bærekraftig fiskeripolitikk**

Fiskerisektoren er eit anna døme på problematikken knytt til ressursforvaltninga. Fiske utgjør det økonomiske fundamentet for det meste av menneskeleg verksemd og busetting langs kysten. Noreg har på same måten som dei fleste industrialiserte fiskenasjonar hatt ein årrekke der kortsiktige profittinteresser heller enn dei langsiktige forvaltningsinteresser vart dominerande, ein utvikling som kulminerte i 1989 der det globale fiskeuttaket nådde eit høgdepunkt og fleire land nedfiska sine bestandar (særleg torsk). Likevel er det fleire positive trekk ved den norske flåte- og industristrukturen som gjorde det mogleg å gjennomføra strenge reguleringar og byggje opp att torskbestandene på få år. Stikkord er ein variert flåte med mange små einingar, spreidd busetting og mange mindre landanlegg; ein struktur som i hovudsak er eit resultat av kystfolkets tilpassing til naturen, stadfesta i Råfiskloven av 1951. Ein bærekraftig fiskeripolitikk må ta vare på denne hovudstrukturen.

Noreg er som eksportnasjon interessert i tollreduksjonar og marknadsadgang. Med EØS-avtala vert toll på 400 mill. NOK pr. år halvert til 1997 og det vert opna for meir eksport av visse fiskeprodukt (for dei fiskeslaga som Hordalandsfiskarane er mest avhengige av, er det ikkje oppnådd tollreduksjonar (laks, sild, brisling og makrell). For fiskerinæringa i fylket var dette eit stort vonbrot). Som motvekt må imidlertid Råfiskloven endrast; salslaga skal omdannast til produksjonslag som ikkje lenger har einerett på førehandsomsettinga, dessutan skal medlemskap vere frivillig, d.v.s. at laga må tevla om medlemmane. Dette vil gå ut over den restriktive praksisen og føre til eit press på kollektive ordningar. I tillegg kan

ikkje-medlemmar fritt lande sine fangstar i utlandet, slik at norske foredlingsbedrifter går glipp av dei. Oppheving av gradert arbeidsgjevaravgift vil ytterlegare svekke tevlaevna til norsk fiskeindustri.

Eit anna alvorleg problem er "kvotehopping" der utanlandske (les: meir pengesterke) statsborgarar kjøper opp farty som er registrert i eit anna land for å få adgang til den nasjonale fiskekvoten - retten til å fiske på kvoten til eitt land er ikkje knytt til nasjonaliteten til fiskaren, men til det landet som fartyet er registrert i. Slike oppkjøp av båtar regulerast av Romatraktaten sine reglar om fri flyt av kapital. Noreg har fått eit unntak for nett dette, men berre for tre år. Noreg kan halda på dei eksisterande reglar når det gjeld utanlandske statsborgarar sin rett til å eige fiskefartøy, til gjengjeld skal statsborgarar frå EU-land utan restriksjonar kunne kjøpe norsk fisk og fiskeindustrianlegg.

### ***Tenestenæringar - frå skjærma næring til fri konkurranse***

Før EØS-avtala var tenestemarknaden nærast heilt skjærma mot utanlandsk konkurranse, medan det no er fri etableringsrett for sjølvstendig næringsverksemd. Dei tenestane som er omfatta av EØS-reglane er dei finansielle tenester (trygging, bank, handel med verdipapir), transportsektoren (veg, jernbane, luftfart, skipstransport og innanlands vannvegar) samt telekommunikasjon og fjernsyn. I Noreg utgjer desse nærast ein like stor del av økonomien som heile industrien. I 1990 stod dei for 13% av bruttonasjonalproduktet og ca. 12% av sysselsettinga. Dei tilsvarande tala for industrien er 14% og 15%.

Utover transportverksemdar og telekommunikasjonar, er dei finansielle tenestene truleg den sektoren som er i sterkast vokster og omstrukturering. Auka handel med verdipapirer, meir valutaspekulasjon og adgang for børsnøtering over landegrensene vil stø opp om den oppusta spekulasjonsøkonomien, ein verdsfemnande utvikling der meklarane og handlarane fjernar seg meir og meir frå dei reelle produksjonstilhøve. Dette vil bane vegen for nye krakk, konkursar m.m. Dei som vil overleve er dei største eigar- og forretningsinteressene, som EØS no leggjer tilhøva til rette for. Taket for utanlandsk eigarskap på samla 1/4 for fondsmeklarforetak og forvaltningsselskap vert oppheva. Det same vert taket på 1/3 for anna finansieringsverksemd og for finansieringsinstitusjonar. Frå før av er norsk næringsliv kjenneteikna av ein relativt svak kapitalbase og det er no mogleg med fleire strategiske oppkjøp.

Den frie etableringsretten tyder dessutan at når ein finansinstitusjon har fått konsesjon til å drive i heimlandet sitt, kan den fritt operere i heile EØS-området. Særleg vil kapitalsterke forsikringsinteresser kunne vinne innpass på den norske marknaden. Meir konkurranse vil forsterke tendensen med maktkonsentrasjon gjennom fusjonar. Ei anna sak er at dette vil kunne bane vegen for ein privat trygdemarknad i takt med privatiseringa av helsesektoren.

### ***Offentlege monopol***

Ein særleg profitabel marknad er dessutan dei statlege monopol og verksemdar med politisk definerte ansvarsområder (Televerket/Telenor, NSB, Postverket samt Vinmonopolet og Medisinaldepotet). Med avviking av desse reguleringar vil det verte vanskelegare å ta politisk definerte omsyn, særleg sosial- og distriktspolitiske, der det ikkje er utsikt til kortsiktige vinstar og mogleg å ta ut overskot. Dei store private selskapa får opna lukrative marknader og dei større kundane får tilgang på nye tenester, dei tilsette og dei små kundane kjem dårlegare ut.

Marknadstilpassinga finn stad anten gjennom beinveges privatisering, innføring av marknadsøkonomiske prinsipp i statsforvaltninga eller gjennom ulike mellomformer. Eit steg

i prosessen mot full privatisering er oppdeling av statleg verksemd og omdanning til statlege aksjeselskap som igjen banar veg for omdanning til private aksjeselskap.

### ***Telenor - kortsiktige krav vinn over samfunnsinteressene***

Telekommunikasjon er ein sektor i rivande teknologisk utvikling med stadige nye produkt og tenester. Men det er óg eit døme på at når marknaden får styre tyder ein sektor i framgang ikkje fleire i arbeid, men meir i profitt til eigarane. Gong på gong kjem dei kortsiktige krava om økonomisk vinning i konflikt med langsiktige samfunnsinteresser og politiske omsyn.

Telemarknaden aukar med 20-30% årleg (13% i 1993), konkurransen er knallhard og dei multinasjonale teleselskapa ønskjer å få tilgang på fleire investeringsområde. Presset på eksisterande offentlege ordningar er stort og med EU-kommisjonen i spissen blir statlege monopolar brutt ned for å skape ein fri marknad for varer og tenester.

Ein britisk studie frå juni 1994 reknar med at 268.000 telejobber i EU/EØS-området kan bli borte innan 1998. I Noreg innebar omlegginga av Televerket til Telenor ein reduksjon i arbeidstokken med 30%. Då stortingsfleirtalet i juni 1994 vedtok DNA-regjeringa sitt framlegg om å gjera Televerket om til eit A/S, skjedde dette etter massiv motstand i fagrørsla og langt inn i Arbeiderpartiet. LO-kongressen i 1993 hadde gått samrøystes mot. Det same gjorde LO-sekretariatet like før stortingshandsaminga. Eit fleirtal av fylkesårsmøter i Arbeiderpartiet i 1994 gjekk i mot og i Ap sin stortingsgruppa var det mange motstandarar. Gjennom partipisk og andre former for politisk press klarte DNA-regjeringa med Gro Harlem Brundtland og statsråd Kjell Opseth i spissen å få ei samrøystes stortingsgruppe til å stø A/S-vedtaket og dempe motstanden i leiinga i LO.

Hittil har Televerket hatt politisk definerte arbeidsoppgåver, særleg distriktspolitiske. Gjennom sokalla krysssubsidiering har overskot på eitt område finansiert underskot på andre område mellom anna for å garantere likt tilbud over heile landet. No skal kvar avdeling «kvile i seg sjølv». Aksjeselskapet Telenor skal fungere etter bedriftsøkonomiske prinsipp, sjølv om det framleis er statseigd. Det er heller ikkje mogleg for Telenor å stille krav om at ein viss del av produksjonen skal finne stad i Noreg slik som ved dei store kontraktane på telefonsentralar, noko som har gjort Televerket til ein motor i norsk telekommunikasjonsindustri og sikra arbeidsplasser i landet. Dei største leverandørane er i dag datterselskap av store multinasjonale firmaer som Alcatel, Siemens, L.M. Ericsson og Asea Brown Boveri, noko som dermed aukar fåren for utflytting av produksjonen. Staten stiller framleis krav til selskap om å tilby landsdekkjande teletenester for å få konsesjon. Det er tvilsamt om dette kan oppretthaldast.

EØS-avtala pliktar Noreg til å følgje EU sin liberaliseringslinje med fleire rasjonaliseringar som konsekvens. Våren 1997 vil Regjeringa truleg føreslå full avmonopolisering av Telenors einerett på ållmenne telefonenester og nett. EU sin tidsplan innebærer full deregulering 1.januar 1998. Det er dei tilsette og brukarane i utkantstrøk som vil måtte betale.

### ***Posten - marknadstilpassing gjev dårlegare distriktstilbod***

På same måten som for telesektoren er postområdet prega av store omleggingar og rasjonaliseringar som følgje av den teknologiske og økonomiske utviklinga. Det viktigaste kjenneteiknet er marknadstilpassing og innføring av privatkapitalistiske prinsipp. «Stordriftsfordeler» blir brukt som forsvar for sterk sentralisering og svekka kvalitet i grisgrendte strok. Alle tenester skal vere «lønsame» og prisast utfrå kostnader i sin eigen tenestegrein utan krysssubsidiering.

Bakgrunnen for denne utviklinga er ønsket om harmonisering og liberalisering av posttenester i EØS-området. Dette er naudsynt for å sikre friast mogleg flyt av pakker (gods), post (informasjon) og betalinger (kapital). Avvikling av offentlege monopolar skal opne nye områder for investering og kapitaluttak; postnettet skal opnast for konkurrerande einingar og fleire private operatørar; oppdeling av Postverket i eigne resultateiningar skal på sikt bane veg for full privatisering. Posten vart ikkje omdanna til aksjeselskap denne gongen (motsett Telenor), det vart til gjengjeld den nye Postsparebanken som no kan ta initiativer på den private marknaden, med full rett til utlån og plasseringsverksemd som andre bankar. Eit resultat av dette er m.a. at dei tilsette i banken ikkje lenger er statstilsette.

Posten er arbeidskraftintensiv og har hatt opp mot 80% av kostnadene sine som personalkostnader, der store delar av personalstyrken arbeidar ute i distrikta. I 1980 var det ca. 2870 postkontor i Noreg. I 1992 var det litt over 2000 igjen, men marknadstilpassinga tyder no ytterlegare press for nedlegging av posttenester i distrikta samt ordningar som einskapsporto og avisdistribusjon. Overgang til sentralisert maskinell sortering fører i seg sjølv til færre tilsette, i tillegg er desse investeringane svært store og blir dermed drivkraft for å legge ned små postkontor, slik at lokale butikkar/bensinstasjonar eller andre private initiativ må ta over.

Det nye framlegget til postlov syner at Regjeringa prøver å kome framtidige direktiv i forkjøpet og har svært mykje til felles med EU sin grønbok (utspel) om posttenestene. Lova skal formast som ein rammefullmakt som gjer det lettare å tilpasse seg EU/EØS i framtida (opnar for at andre enn posten både kan gje ut frimerke og utføre alle posttenestar utan seinare lovendring). På den frie marknaden er det postarbeidarane og folk i distrikta som kjem til å tape.

### ***Nasjonal deregulering - regional polarisering. Distrikta vert avfolka.***

I takt med avviklinga av nasjonale reguleringar vert dei einskilde kommunar og fylkeskommunar direkte utsett for dei globale marknadskreftane. Dette er realiteten bak EU-parolen om «Regionenes Europa». Fri flyt av arbeidskraft, varer, tenester og kapital vil favorisere dei sterke byregioner framfor dei svake. Følgjeleg vil dette forsterke dei tendenser og strukturar som allereie finst på den europeiske marknaden og på verdsplan. Liberalisering og frihandel har dramatisk endra rammevilkåra for dei fleste landa i verda. Næringer og bransjer som tradisjonelt har vore skjerma, avdi dei var offentlege eller av ulike årsaker ikkje var tevføle på ein fri marknad, vert no omstrukturert i eit svært høgt tempo. Dette vil forsterke sentraliseringstendensene i byane og avfolkinga av distriktane. Denne utviklinga kjenneteiknar både Noreg og EU.

Olav Randen skriver i boka si «Norsk i EF» frå 1994:

«1980-1990 gjekk folketalet attende i nesten annankvar norsk kommune, 205 av 439 kommunar. Særleg sterk var nedgangen i Nord-Noreg. Små ungdomskull etter lang tids fråflytting gjer at avfolkinga vil tilta i åra som kjem. ... For å bremse eller snu fråflyttinga har Noreg brukt ulike verkemiddel, tilskot og lån gjennom Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (tidlegare DU) og fylkeskommunane, tilskot til kommunane, differensiert arbeidsgjevaravgift, skattefritak, støtte til primærnæringane, subsidiert elektrisk kraft til industri, statsbedrifter som postverket og NSB og fleire ordningar.

EF har si solside og si skuggeside. Vekstområdet, gjerne kalla den blå bananen eller gullbandet, går som ein banan frå sør-England med krumminga rundt Beneluxlanda og det tyske finanssenteret rundt Frankfurt og München og ned til Nord-Italia med Milano. Bananen har rike innbygarar, dynamisk og veksande industri, etter måten låg arbeidsløyse og godt utbygd trafikknnett. På skuggesida finn vi dei tilbakeståande landa og regionane. Portugal, det meste av Spania, sør-italia, Hellas og Irland. Men vi finn også i aukande grad

tradisjonelle industriområde, ikkje minst område med kolgruver og stålindustri, som midt-England, store delar av nord-Frankrike og aust-Tyskland.

Det norske utkantproblem er uttynning av lokalsamfunn og avfolking. Dette fordi vi er eit stort og skrint busett land med berre 13 innbygarar pr. kvadratkilometer mot EFs 145. Norsk distriktspolitikk skal møte sentralisering ... EF oppfatter dette som konkurransevridande statsstøtte. Utkantproblema i EF er, med nord-Skottland og nokre få område på Iberia, i Alpane og Hellas som unntak, ikkje truga busetnad, men dårleg produksjonsgrunnlag, fattigdom og arbeidsløyse. Målet med EFs distriktspolitikk er å få til omstilling i tilbakestående eller stagnerande næringsliv».

Gong på gong kjem norske ordningar i konflikt med EU sine.

### **Avvikling av distriktspolitiske verkemiddel**

I St.prp. 100 (1992-93) om EØS-avtala skreiv Regjeringa: «Ingen enkeltordningar innanfor regionalstøtte eller øvrige statsstøtteordningar har vært gjenstand for forhandling eller godkjenning» (s. 173).

Etterkvart vert vi vitne til stadig fleire døme på at EU sitt regelverk dikterer norsk distriktspolitikk gjennom EØS. Alle distriktspolitiske støtteordningar når det gjeld verkemiddel, støtteområder og støttesatser må godkjennast av EU. I utgangspunktet er all statsstøtte forbode i EU om det svekker prinsippet om fri konkurranse eller påverkar samhandelen mellom landa i EU/EØS. Driftsstøtte er i prinsippet forbode. Ordningane med gradert arbeidsgjevaravgift må fjernast innan 1996, untatt er Finnmark og dei fire nordlegaste kommunane i Troms.

Eit anna døme på svekkjinga av distriktspolitiske verkemiddel er at EØS set tak på kommunal næringsstønad. Ei rekkje kommunar i Noreg har oppretta næringsfond for å kunne gje tilskot til nyetableringar og fleire arbeidsplasser. Kommunar med inntekter frå konsesjonskraft har t.d. bygd opp eigne kraftfond. Dette er kommunale fond som kommunane sjølve har disponert. I rundskriv H-3/94 frå Kommunal- og Arbeidsdepartementet krev dept. at kommunar som har slike fond endrar standardvedtektene i samsvar med EØS-avtala. I skrivet heiter det i samband med §4 om støttevilkåra:

*«Støtten må ligge innen for ein maksimumsgrense på kr. 400.000 (50.000 ECU) til et og samme formål i en og samme bedrift i en treårsperiode. Bedrifter som mottar støtte plikter å opplyse om at støtte er mottatt fra næringsfondet ved søknad om eventuelle ytterligere støtte fra offentlige midler innen utløp av treårsperioden (det vises til EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, reglene for bagatelmessig støtte (de minimis))».*

I merknadene frå dept. er det slått fast at statsstøtte gjeld støtte frå alle offentlege kjelder anten desse er fylkeskommunale eller kommunale. I statsstøttereglane er krava at planlagd støtte skal meldast til Overvåkingsorganet/ESA. I Noreg vil Nærings- og energidepartementet samordne slik innmelding til ESA. Dette kan t.d. skje ved at vedtektene for kommunale kraft- eller næringsfonda vert endra i samsvar med EØS-regelverket og meld for godkjenning. Då dette pålegget var oppe i Odda kommunestyre 13.9.1994, stemte alle partia bortsett frå RV for å endre desse vedtektene i Odda og Røldal kommunale Næringsfond i tråd med EU sine krav. Senterpartiet og SV-gruppa grunngav dette med at EØS-avtala alt var vedtatt i Stortinget og at kommunen ikkje hadde noko val. Tidlegare på året hadde fleirtalet i Odda kommunestyre løyvd 1 million frå Næringsfondet til Odda-bedrifta Norzink i støtte til eit prosjekt for resirkulering av zinkstøv. Dette må vere eit tankekors for den både EU- og EØS-venlege bedriftsleiinga ved Norzink.

## **Bergen og Omland Havnevesen mister inntekter**

I eit brev frå havnedirektøren og økonomisjefen i Bergen og Omland Havnevesen til havnestyret 14.11.94 vert det lagt fram eit framlegg til revidert driftsbudsjett for 1995. Her heiter det (lettere frustrert):

*«Budsjettrevisjonen er nødvendig gjort på bakgrunn av at det nå foreligger offisiell og endelig meddelse fra Fiskeridepartementet om at trafikkavgift på importerte varer fra EØS-området vil falle bort fra 1.januar 1995. Som tidligere meddelt vil dette medføre et inntektsbortfall på ca. kr. 6 millioner eller ca. 15% av våre driftsinntekter».*

*«Når det gjelder mulighetene for kompensasjon av det inntektsbortfallet som fremkommer ved tap av trafikkavgift ved import av varer fra EØS-området synes muligheten til å oppnå dette fra sentralt til å være ytterst små. Ved direkte forespørsel til Fiskeridepartementet kan man ikke se noen muligheter for dette, og såvidt vi skjønner har også saken vært reist av styret i «Norsk Havneforbund» i møte med den administrative og politiske ledelse i departementet».*

*«Sett i forhold til de ambisjoner man hittil har hatt på dette området, kunne bortfallet av trafikkavgift med tilsvarende tap av inntekter, neppe ha kommet mer ubeleilig. Med utgangspunkt i Bergen havns status som sentralhavn, samt senere forslag om opprustning til Europa havn, er det mer enn trist at viktige investerings- og vedlikeholdsoppgaver nå må utsettes inntil videre».*

*«Selv om havnevesenet har mer enn halvert bemanningen i løpet av ca. 15 år, må vi på nytt gjennomgå hele organisasjonen, for å se om både organisasjon og struktur kan ytterligere tilpasses de nye utfordringer vi nå blir stillet overfor».*

Styreleiar i Bergen og Omland havnestyre er Ingmar Ljones, varaordførar i Bergen for Kristeleg Folkeparti og kjend EØS-tilhengar og EU-motstandar (!).

Bortfallet av trafikkavgiften på importerte varer frå EØS-området vil ramme havner langs heile norskekysten. Dei kommunale havnevesen vil til saman kunne tape inntekter på eit tresifra millionbeløp. Dette vil utan tvil gå ut over investeringar og vedlikehaldsoppgaver og dermed både sysselsetting, tryggleik og miljø i dei norske havner.

Dette dømet syner óg at konkurransereglane i den indre marknaden/EØS verkar inn på t.d. den norske avgiftspolitikken, sjølv om denne formelt sett ikkje fell inn under EØS-avtala.

## **4. EØS-avtala grip djupt inn i lokaldemokratiet**

EØS-avtala rammar kommunar og fylkeskommunar på ein rekkje felt, både gjennom meir frikonkurranse og gjennom ein jamn straum av rundskriv frå Kommunal- og Arbeidsdepartementet, Kommunenes Sentralforbund (KS) og vedtak frå Overvaksingsorganet ESA. Alt dette grip djupt inn i lokaldemokratiet. KS har som uttalt mål at arbeidet med EØS skal gjennomsyre heile organisasjonen og har utarbeidd fleire rapporter om emnet.

Noreg er no integrert i EU sin indre marknad og har akseptert Roma-traktaten sine prinsipp for den økonomiske politikken. Med dette har Regjeringa og stortingsfleirtalet reelt gjeve opp å føre ein eigen nasjonal næringspolitikk under folkevalt styring, og i staden underlagt seg dei overordna prioriteringane til EU-Kommisjonen og dei europeiske multinasjonale selskapa.

Både statlege, kommunale og fylkeskommunale innkjøparar og oppdragsgjevarar er fråtatt retten til å favorisere norsk arbeidskraft (med norske tariff- og lærlingeordningar) og næringsliv og å ta lokale omsyn til stabil sysselsetting og distriktsutbyggjing. Med avvikling av offentlege monopol, omdanning til aksjeselskap og innføring av anbuds konkurranse på områda vass- og energiforsyning, transport og telekommunikasjon vert store deler av offentlig sektor opna for konkurranse. Endringar i konsesjonsreglane frå 1917 legg landet oppe for utanlandsk kapital og strategiske oppkjøp av fast eigedom, nøkkelindustrier, naturressurser og finansinstitusjonar. Samstundes er det no mogleg med auka utflagging av bedrifter og fylgjande strukturrasjonalisering av næringslivet. Alt dette vil auke sentraliseringstendensane i næringsliv, administrasjon og busetnad. Den nye økonomiske voksteren vil først og fremst auke trongen for miljøskadeleg godstransport over grensene og meir press på norske løn- og arbeidsvilkår, meir stress og meir slit. Det er i høg grad lokaladministrasjonen som må ta på seg både å leggja tilhøva til rette for og å ryddja opp etter desse herjingane til kapitalen, med auka press på dei offentlege budsjetta.

Denne utviklinga fører samstundes med seg meir byråkratisering og fleire «papirflyttarar». Det er ein stor utfordring i seg sjølv å skaffe seg oversyn over det store og veksande regelverket. Når det gjeld etterlevinga må særleg dei kommunale og fylkeskommunale innkjøpsavdelingane rustast opp for å leve opp til dei store krava om å opptre «seriøst og profesjonelt» på ein marknad i beinhard konkurranse. Kommunane oppfattar i stadig høgare grad seg sjølv «ikke bare som forvalter og tilrettelegger for næringslivet, men også som en stor aktør i markedet. Både som leverandør, produsent og kunde» (EØS - Konsekvenser for Bergen kommune) med følgjande krav til «strategisk planlegging», «oppbygging av spisskompetanse» og innføring av bedriftsøkonomiske prinsipp i forvaltninga. Dette vil gå ut over dei områdene som ikkje er direkte profittskapande.

Denne utviklinga er ikkje berre storpolitikk som er fjernt frå folk flest. EU-tilpasninga har avgjerande fylgjer direkte for folk sin kvardag. Folkevalde organ på både lokalt, regionalt og nasjonalt plan vert systematisk tappa for makt til fordel for byråkratiske overnasjonale organ og mektige marknadsaktørar. Dette tyder undergraving av det som finst att av lokaldemokrati, handlefridom og styringsevne. Når makthavarane først har sleppt marknaden fri er det svært vanskeleg å ta att den politiske og samfunnsmessige styringa.

## LITTERATUR

- \*"Dynamitt i de kommunale borehull. En rapport om EF og kommunal innkjøpspolitikk - Konsekvenser for Bergen, Hordaland og arbeidsfolk", Bergen RV's EF-gruppe, 1991
- \*Litt om EØS/EF (notat frå Thorstein Dahle), 1991
- \*"Brussel midt imot". Dag Seierstad. Nei til EF. 1993
- \*EØS-avtalen, virkninger for fagbevegelsen, Nei til EF, september 1992
- \*EØS-avtalen, virkninger for Norge, 2. utgave, Nei til EF, 1992
- \*EF-unionen og kommunerne - er velfærdssamfunnet truet?, Heine Birckner, Folkebevegelsen mod EF-unionen, 1993
- \*Norge og EU, virkninger av medlemskap i den europeiske union, Nei til EU, 1994
- \*EU og den norske velferdsstaten, Nei til EUs faglige landskonferanse, 1994
- \*EU-tema: utdanning, kvinneperspektiv, kultur, Studentar mot EU, 1994
- \*Oversikt over EF, EU, EØS. Per L.Frøvoll og Frode M. Lindtvedt. Senterpartiets Studieforbund SpS, 1994
- \*RV sitt prinsipp- og arbeidsprogram, vedtatt på landsmøtet 12.2.1995
- \*RV-rapport: «Energilandet Norge og den fattige verden. -Det nasjonale og internasjonale miljøansvaret». Knut Henning Thygesen, 1994/95
- \*Statusrapport: EØS-avtalens del vedrørende offentlige innkjøp - vurdering av virkningene på Bergen kommune. 31.10.94, Hovedutvalg for administrasjon
- \*EØS-avtalen. Rapport om verknader i Hordaland. 1992.
- \*EØS. Konsekvenser for Bergen kommune. Arbeidsgruppe oppnevnt av Rådmannens stab. 1992.
- \*Hordaland og EØS/EU. Sak 51. Fylkestinget i Bergen 18.-19. oktober 1994. Hordaland Fylkeskommune.
- \*Vækst, konkurrenceevne og beskæftigelse - et resumé af Kommissionens hvidbog. Europa-Kommisjonen. Oktober 1994
- \*Norsk i EU. Ei gransking av kva følgjer ei norsk tilsluting til EØS og EU kan få for norsk skriftspråk og talemål. Olav Randen. Noregs Mållag 1994.
- \*Nytt fra Natur og Ungdom nr.4. 1995.
- \*RV-rapport: «EU/EØS og den nasjonale kampen om vasskrafta og konsesjonslovene.»